



Årsrapport 2015



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



Innhold

I	Tilstandsrapport	2
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
III	Aktivitetar og resultat i 2015	7
3.1	Gudstenesteliv	8
3.2	Dåp og trusopplæring	10
3.3	Kyrkje og samfunn	14
3.4	Rekruttering og ulønna medarbeidarskap	17
3.5	Samarbeid i kyrkja	17
3.6	Andre område i kyrkjeleg sektor	19
IV	Styring og kontroll i verksemda	19
4.1	Verksemda si risikostyring i 2015	19
4.2	Likestilling	21
4.3	HMT/Arbeidsmiljø	22
4.4	Miljøarbeid	26
4.5	Kyrkje- og gravplassforvaltning	26
V	Vurdering av framtidutsikter	27
VI:	Årsrekneskapen	30
6.1	Leiingskommentarar	30
6.2	Prinsippnote	31
6.3	Bevilgningsrapportering	31
6.4	Note A og B	31
6.5	Artskontorrapporteringa	31
6.6	Note 1-8	31
	Vedlegg	31

Biletet framsida: Frå opninga av Mariakirken 21. juni 2015. Foto: Jens Z. Meyer

Biletet baksida: Detaljar av ny messehakel til Kinsarvik kyrkje. Foto: Aasmund Aarvik

Bjørgvin biskop og bispedømeråd

Postboks 1960

5817 Bergen

Telefon 55 30 64 70

e-post: bjorgvin.bdr@kyrkja.no

www.kyrkja.no/bjorgvin

Rev. utgåve 3 - publisert 17. mars 2016

Ansv. red: Stiftsdirektør Jan Ove Fjellteit
Utforming: dragefjellet.no



I: Tilstandsrapport

Forvaltningsreform, verksemdsoverdraging, oppheving av buplikt og innføring av arbeidstid for prestane, nedgang i dåpstal, høyring om ny kyrkjeordning og kyrkjevalet er nokre av dei mange sakene som har prega 2015. Vi må likevel spørje om kor mykje av dette folk flest har kjennskap til eller nærleik til, i det daglege? Det som nok pregar folk flest si oppfatning av kyrkja, er truleg møte med kyrkja lokalt. Kvaliteten i folks møte med kyrkja sine tilsette eller frivillige er avgjerande viktig. Dersom

ein ikkje har vore i direkte kontakt med kyrkja, blir inntrykket prega av media, ulike røyster i det offentleg rommet og det ein høyrer i ulike sosiale samanhengar privat og i arbeidslivet. Difor er det viktig at vi som kyrkje er til stades på ulike arenaer.

Kvalitet

Det er vesentleg å sikre kvalitet i dei ulike møtepunkta mellom kyrkja og medlemene. Dette er ei oppgåve som kyrkja



lokalt må gje mykje merksemd. På bispedømenivå kan vi sette i gang «indirekte» tiltak som til dømes kompetanseheving og inspirasjonssamlingar. Det er likevel lang veg til å måle dette i auka kvalitet eller auke i kvantitative tal. Å rekruttere og behalde gode medarbeidarar er viktig for god måloppnåing. Vi vil samstundes og peike på at det er viktig med rekruttering av og oppfølging av frivillige. Motiverende medarbeidarar, løna og uløna, er avgjerande. Samspel mellom lokale arbeidslag i kyrkjelydane og i prostia krev leing. Særleg trusopplæringsfeltet utfordrar dei strukturane ein har i dag. I nokon grad skapar trusopplæringsarbeidet betre samspel lokalt. Vi vil likevel meine at måloppnåinga på dette feltet kunne vore betre, om strukturane var enklare og leiinga meir heilskapleg. Det gjeld både innan kyrkjelydsgrensene, og mellom kyrkjelydar.

Mange av bispedømerådet og fellesråda sine funksjonar er det ein vil kalle

hygienefaktorar. Det betyr at når dette fungerer, så støttar det opp om det lokale arbeidet. Det vert då opplevd som «sjølvsgagt». Det er når det ikkje fungerer at det blir kritisk og får negativ merksemd. Målsettinga med at folk flest skal merke minst mogleg til verksemdsoverdraginga frå staten til Den norske kyrkja, er slik sett ikkje uvesentleg. Målet både for 2015 og ikkje minst 2016 er at førstelinja skal kunne fungere best mogleg, trass store omleggingar av systema bak. Det er difor krevjande å synleggjere det store arbeidet som blir gjort på dei administrative områda og kor viktig dette er for å støtte opp under dei måltala ein har på område som til dømes dåp og rekruttering. Det er inga direkte kopling, men vurderingane må likevel ha i seg at det er samheng mellom god administrasjon og god tenesteyting i møte med folk flest.

Vår vurdering i stort er at dei tiltak og den drift Bjørgvin bispedømeråd har

hatt i 2015 understøttar dei mål ein har sett for verksemda på ein god måte.

Kyrkjevalet

Kyrkjevalet i 2015 skapte større engasjement enn på lenge. Interne diskusjonar om ulike spørsmål er med å prege den einskilde sine vurderingar av tilstanden i kyrkja. Dette skal ein ikkje undervurdere, men det handlar også om å synleggjere og å romme ulike syn i ulike saker. Valet i 2015 har mellom anna utfordra oss på våre tenkemønstre rundt «kven er kyrkja»? Er det folk flest eller dei mest aktive medlemmane? Valet vert evaluert med ulike briller på. Men om ein løfter seg ut av det, så vil ein måtte tenke at stor auke i engasjement og noko auke i valdeltakinga er ein indikator på at kyrkja betyr noko for folk flest.

I Bjørgvin ser vi også dette i samband med strukturelle endringar. Til dømes skapar soknesamanslåing i Bergen indre by (2003-), eller reduksjon av prestressursar (2010-), større engasjement enn ein skulle tru. Dette kan tolkast negativt, som motstand mot naudsynete endringar. Det kan samstundes tolkast som noko positivt. Mellom anna som eit teikn på at ein ikkje bør undervurdere folk si tilknytning til kyrkja. Riktig nok ikkje til bispedømerådet eller soknerådet sine strategiar og visjonar, men til kyrkjebygget eller til presten, kantoren eller andre identitetsmarkørar.

Endringar tek tid

Vi er i stadig endring. Det er samstundes viktig å skilje mellom endringar som vedrører dei tilsette, og endringar som går djupare på kulturen som er forankra i folk flest. Til det siste må ein sjå at det er eit langsiktig prosjekt, med mange små steg. Og nett difor er det viktig å byrje i tide. Samstundes må ein vere realistisk. Vi kan til dømes like eller ikkje like at folk har sterk tilknytning til sjølve kyrkjebygget. Spørsmålet blir om vi vel å jobbe mot det eller om vi kan bruke det positivt? Det er dei daglege møta som viser kven vi er. Å endre kultur er ikkje lett, eller truleg ikkje mogleg. Strukturelle endringar har mykje fokus i den tida vi er inne i. Like viktig er endringar som tek

Biskopen der det viktigaste skjer - i møte med ungdom i Slettebakken sokn. Foto: Tore Skjæveland



opp i seg utfordringane som går på relasjonen mellom folk og kyrkje. Vi verkar i ei tid der folk ikkje vil forplikte seg over lang tid, men samstundes forventar tettare medverking og dialog. Korleis møter vi dette? Jobbar vi mot det eller med det? Det utfordrar oss til dømes på korleis vi kan skape god kommunikasjon med ulike kulturar og ulike grupper i ein kyrkjelyd. Eller korleis vi bør tenkje rundt frivillig teneste, arbeidsformer og liknande. Vi vil vurdere det som ein kritisk suksessfaktor at ein utviklar kompetanse på desse felt.

Kyrkja er på ei side ein arbeidsplass, med alt det medfører. Samstundes er vi ein aktivitets-arena med alt det medfører. Og djupast er kyrkja noko heilt anna. Eit fellesskap av dei truande i smått og stort. Det å lage nye, gode strukturar for ein betre heilskap er ikkje uvesentleg. Det er ein høg risiko for at nokre av dei endringsprosessane vi er inne i kan lamme oss. Vi vurderer det som kritisk. Skal vi makte å være kyrkje for folk flest, har vi ikkje råd til å bruke for mykje energi på det interne. Samstundes som vi vil måtte skape nye ordningar, må vi vere her og no, med dei ordningar som til ei kvar tid er gjeldande.

I 2015 har Bjørgvin bispedømeråd i sin årsplan forsøkt å arbeide med mange små og store ting som støttar opp rundt den daglege drifta i sokna. Noko har ein lykkast med, andre ting tar tid. I ei tid med fokus på dei store endringane, har det vore viktig å arbeide med dei små forbetringane. Dette kan vere litt usynleg, det er naturleg. Det handlar om folk, om personalpolitikk i smått og stort, og eit puslespel som er komplisert. Prostaner, og andre, gjer her ein svært viktig og god jobb som ikkje må undervurderast, sjølv om det er usynleg i årsplanar og dokumentasjon over gjennomførte tiltak. Bjørgvin bispedømeråd vil òg løfte fram at vi har mange dyktige tilsette i administrative stillingar som bidreg med kompetanse og engasjement inn i dei store endringsprosessane kyrkja står i.

Fokus i 2015

Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin biskop har også i 2015 hatt særleg fokus på dei to kritiske områda vi peikte på i 2014. Nedgang i tal på døypte og nedgang i talet på kvalifiserte søkjarar til kyrkjelege stillingar. Dette er langsiktige

arbeid og krev langsiktige tiltak. Difor har vi sett ned eit rekrutteringsutval. Dei skal spele inn tiltak og prioriteringar for årsplanen i 2017. Samstundes jobbar vi kontinuerleg, mellom anna med ulike tiltak i ungdomskatedralen St Jakob.

Bjørgvin biskop har hatt samlingar på Litteraturhuset i Bergen under overskrifta «På troen løs». Dette har opna eit rom for samtale om tru i møte med kultur, vitskap og samfunn. Interesse har vore stor og tilbakemeldingane gode. Dette er eit eksempel på korleis vi prøver å fylle eit rom ut over dei vanlege «komfortsonene» våre. Dette trur vi er viktig. Det er krevjande, men spanande å fylle det offentlege rom med gode kvalitetsamtaler om tru og liv.

Vi har også satsa på to større prosjekt som bygger bru fram mot overgangen til 1. januar 2017. Reformasjonsstudium for prestane som vert avslutta med ein studietur i 2016 og Bergen som reformasjonsby i mars 2017 er under planlegging, og dette tar og har tatt ein del ressursar. Fokuset her er samspel med mange ulike samfunns- og kulturinstitusjonar. Bergen er ein av rundt 60 reformasjonsbyar i det europeiske prosjektet «r2017», med fokusdato 4. mars 2017: r2017.org/europaescher-stationenweg

Det ligg òg inne eit mål i samband med dette om å skape ein fest som omfattar tilsette, frivillige og dei folkevalde i heile bispedømet. Målet er å gje løft og inspirasjon på ulike nivå rundt overgangen til kva det vil seie å vere sjølvstendig kyrkje i 2017.

Vurderingar

Den generelle vurderinga av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme er at mykje godt arbeid blir lagt ned, både knytt til gudstenester, i kyrkjelydsbyggjande arbeid og i møte med folk i ulike livsepokar. Dette kan lett bli overskygga av fokus på tal som går nedover. I Bjørgvin ønskjer vi både å kunne ta på alvor at færre døyper borna sine, og å halde oppe at mange framleis søker til kyrkja både ved dåp og konfirmasjon. I glede og sorg er kyrkja viktig for mange.

Talet på gudstenestedeltakar går noko ned. Vi vurderer det samstundes slik at talet held seg overraskande godt, sjølv om målet med auke ikkje er nådd. Utfordringane er at det er færre som går ofte og trufast. Det må difor meir innsats til for å trekke folk i 2015 enn tidlegare. Vi ser at gudstenester med særpreg, og

ulike aktørar i tilknytning til breidde eller trusopplæringsiltak har stor oppslutning. Vanleg gudstenester utan dåp har mindre fram møte. Vi ser òg ein klar samheng mellom reduksjon i presteressursar og nedgang i talet på gudstenester.

Talet på kyrkjelege vigslar auka i 2015. Dette er gledeleg etter nedgangen i 2014. I kva grad det er samheng med samlivsdebatten i kyrkja er det vanskelig å vita. Vi vurderer mål om auke som nådd. Kven vi skal takke er meir komplisert å vurdere...

På dei andre områda vurderer vi òg at vi arbeider godt innan dei ressursane som er stilt tilgjengelege. På kulturtilbod, trusopplæring og mange områder er det auke i tala, eller relativt stabile tal. Dette er gledeleg.

Vi vil i totalbildet også peike på at det er sær viktig å skape gode arenaer for samhandling i rådsstrukturen og mellom dei ulike nivå i kyrkja. I 2015 har fleire prosessar vore utfordrande på dette området. Det understrekar berre at ein må søkje arenaer for å skape mest mogleg samlande prosessar som understrekar at vi er ei kyrkje. Vi vurderer dette som eit kritisk punkt med omsyn til å oppnå betre måloppnåing og betre ressursutnytting.

Bjørgvin bispedømeråd har i 2015 brukt sine tildelte ressursar til å best mogleg understøtte kyrkja sitt hovudmål: DNK skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje som inviterer menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. DNK skal vera ei vedkjennande, misjonierende, tenande og open folkekyrkje. ●

Bergen, 1. mars 2016

Inger Helene Nordeide
bispedømerådleiar

Halvor Nordhaug
biskop

II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

2.1.1 Namn og departement ein høyrer inn under

Björgvin bispedøme er underlagt Kulturdepartementet og er i avgrensa saker underlagt Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

2.1.2 Tilknytningsform

Björgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, 7. september 1170 vart St Sunniva relikviar førde frå Selja til Kristkyrkja i Bergen i samband med flytting av bispestolen. Björgvin er eit av 11 bispedømer i Noreg. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre

bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

2.1.3 Mynde og ansvarsområde

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå departementet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege liv i kyrkjelydane. Rådet skal og fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet.

Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innafor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.


2.1.4 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Björgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Selja kloster, bispedøme for Björgvin fram til 1170. Foto: Trond Øigarden



Figur 1: Organisasjonstruktur/org. kart



Tabell 1: Oversyn over bispedømmet

Prosti 10	Sokn 181	Medlemmer* 486048	Innbyg. 626027
Nordfjord	26	27316	32833
Sunnfjord	17	37972	45034
Sogn	25	24248	28508
Nordhordland	19	30642	37167
Vesthordland	11	52752	65077
Åsane	11	54065	
Bergen domprosti	10	65861	310208 **
Fana	11	103727	
Hardanger og Voss	28	40413	47740
Sunnhordland	23	49052	59460

* Inkl. tilhørende

** «Samla inbyggartal» er for prostia i Bergen, inkludert Austevoll, Os og Osterøy

Tabell 2: Volumtal for bispedømmet*

	2013	2014	2015
Tal døypte	5216	4945	4928
Tal konfirmerte	5800	5748	5872
Tal kyrkjelege vigslar	1002	967	1029
Tal kyrkjelege gravferder	4474	4394	4400
Tal gudstenester søndag	6573	6598	6461
Gudstenestedeltakarar sun- og helgedagar	656548	655579	637046
Gjennomsnitt søndag	99,9	99,4	98,6
Tal gudstenester totalt	8634	8525	8469
Gudstenestedeltakarar totalt	815506	803362	783209

*Talmateriale fra SSBs årsstatistikk.

Tabell 3: Nøkkeltal for årsrekneskapen*

	2014	2015
Tal årsverk	179,3	183,8
- del av dette som er presteneste	161,7	167,2
Samla tildeling post 01	134 190 000	140 682 000
Utnyttingsgrad post 01	99,7%	100,3
Løns- og driftsutgifter	129 435 673	141 047 830
Lønnsandel av driftsutgifter	116 896 700	87,9%
Andel løn brukt i prestenesta	107 839 347	112 852 000
Lønsutgifter per årsverk	666 910	674 763

* Tal frå kyrkjerådet/departementet

Visjonen for Bjørgvin bispedømme er «*Saman vil me ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd*».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Dei områda som er mest synlege er:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusoppplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Bjørgvin bispedømmeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømmeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i by og griskrendte strok av bispedømmet.

2.1.5 Samarbeid med andre (kyrkjelege fellestråd, frivillige kristelege organisasjonar osv)

I Bjørgvin bispedømme er det 181 sokn med tilhørende sokneråd. Det er 59 kommunar, med tilhørende kyrkjeleg fellestråd.

Bispedømmet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

2.2 Omtale av organisasjonen

2.2.1 Leiingsstruktur

Organa Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømmeråd har felles administrasjon lokalisert i Bergen. Bispedømmerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestenesta. I bispedømmet er det ti prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei øvrige kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellestrådet som arbeidsgjevar.

2.2.2 Tilsette og årsverk fordelt på verksemd

I Bjørgvin bispedømme er det tilsett 167 prestar og prostar i 166,1 årsverk. Ved bispedømmekontoret er det tilsett 18 personar i 17,7 årsverk. Disse har bispedømmerådet som arbeidsgjevar.

NB! På ulike stader i rapporten, varierer talet på stillingar og årsverk noko. Det skuldast m.a. at ein i nokre statistikkar/rapportar kan ha teke med stillingar som ikkje er sletta når ei ny stilling er oppretta (t.d. sokneprest som blir seniorprest), eller at det varierer i kva grad mellombels tilsette er rekna med. Nokre prestestillingar er knytt til personar som ikkje utfører vanleg teneste i sokna, t.d. personalprest og biskop.

2.2.3 Lokalisering

Bjørgvin bispedømme er geografisk samanfallande med Hordaland og Sogn og Fjordane fylker og har 59 kommunar med til saman 620 527 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med om lag 275 100 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 79,2 prosent er kyrkje-medlemmer i Bjørgvin mot 74,9 prosent i snitt for heile landet.

2.2.4 Org. struktur/organisasjonskart

Sjå figur 1.

Oversyn over bispedømmet pr. 1. januar 2016:

Sjå tabell 1.

2.2.5 Volumtal for bispedømmet

Sjå tabell 2

Nøkkeltal for årsrekneskapen:

Sjå tabell 3. ●

III: Aktivitetar og resultat i 2015

Dei utvalde resultatmåla på nasjonalt nivå:

Strategiske mål	Resultatmål	Resultat	
1. Gudstenestelivet blømer	• Oppslutninga om gudstenestene aukar	• Gjennomsnitt søndag går ned frå 99,3 til 98,6	↓
	• Gudstenestetilbodet vert halde oppe	• Talet på gudstenester går ned.	↓
	• Fleire vel kyrkjeleg vigsel	• Auke frå 967 til 1029	↑
	• Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe	• Nedgang frå 93,5 til 91,8 prosent kyrkjeleg gravferd	↓
	• Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk	• Auke til talet på konsertar, nedgang i andre kulturarrangement.	↑
2. Fleire søker dåp og trusopplæring	• Oppslutninga om dåp aukar	• Auke frå 77 til 79 prosent døypte av tilhøyrande, men berre 65 prosent av alle fødte.	↑
	• Omfanget av trusopplærings-tilbodet aukar	• Opplæringstilbodet i timar aukar frå 148 til 155 timar	↑
	• Oppslutninga om trusopplæringa aukar	• Ned frå 56 % til 53%	↓
	• Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	• Auke frå 92,1 til 92,9 prosent av døypte 15-åringar som blir konfirmerte	↑
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet	• Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni	• Nedgang i talet på diakoniplanar frå 106 til 97	↓
	• Kyrkja blir meir tilgjengeleg på Internett	• Auke frå 96 til 124 treff pr. dag	↑
	• Fleire kyrkjelydar vert grønne kyrkjelydar	• Talet på grønne kyrkjelydar aukar frå 22 til 24 avdi Fjell sokn no er delt i tre.	↑
	• Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon	• Det er ein auke frå 116 til 127 kyrkjelydar som har misjonsavtale	↑
4. Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja	• Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka	• Nedgang frå 9 til 4 presteordinasjonar. 1 diakon begge åra.	↓
	• Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	• Tal på frivillige aukar frå 11048 til 12194	↑

Pilegrimar i Eidfjord med miljøvenlege sydvestar rett frå naturen. Foto: Åsmund Aarvik



3.1 Gudstenesteliv

Delmål:

DNK skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje

Strategisk mål:

Gudstenestelivet blømer

Resultatmål:

Oppslutninga om gudstenestene aukar

Indikator 1:

Indikator 1: Endring i gudstenestedeltaking

	2013	2014	2015
Gj. snitt søndag	99,9	99,3	98,6

Resultatmål:

Gudstenestetilbodet vert halde oppe

Indikator 2:

Gudstenestefrekvens sun- og helgedagar (sjå også fig. 1)

	2013	2014	2015
Tal gudst. søndag	6573	6598	6461
Gudst. andre dagar	2061	1927	1948

Gudstenester 2015

Tala er frå Statistisk sentralbyrå sine førebelse tal 15. mars 2016.

Talet på gudstenester og deltakarar er stabilt, men litt minkande. Gjennomsnittleg er det 98,6 på kvar søndagsgudsteneste, det er knapt eitt prosentpoeng lågare enn i 2014.

Det er 137 færre sun- og heilagdagsgudstenester i 2015 (6461) enn i 2014 (6598) etter ein liten oppgang i 2013. Dette utgjer ein nedgang på 2,1 prosent, og er litt større nedgang enn normale kalenderavhengige svingingar skulle tilseia. Oppmøte sun- og heilagdagur viser ein litt større nedgang enn nedgangen i talet på gudstenester skulle tilseia og vert 2,8 prosent lågare enn i 2014 (636 290 i 2015 og 655 579 i 2014). Erfaringane frå tidlegare år viser ei underrapportering av gudstenester og oppmøte i dei førebels tala, så nedgangen er mindre enn tala viser, men dette endrar truleg ikkje at tendensen er ein liten nedgang. Nedgangen er ikkje jamt fordelt og vår vurdering er at gudstenestetallet jamt over er som i fjor, men at mykje av nedgangen skriv seg frå stader der omstrukturering og endring i presteressursar har ført til færre gudstenester. Eit døme på dette er Fusa og Kvam, der har ein gått ned frå til saman 185 gudstenester i 2014 til 151 i 2015, noko som er 85 prosent av nedgangen i prostiet.

Når det gjeld andre gudstenester utanom sun- og heilagdagur var det ein auke på ein prosent i 2015 etter ein nedgang i 2014 (1950 i 2015 mot 1927 i 2014). Dette bygger på justerte tal. Her er det tatt vekk 60 tidebøner som vart ført som

gudsteneste, utan justering er auken 4 prosent). Sidan dette ikkje er faste gudstenester vil det variere frå år til år både dag og kva type gudsteneste det er. Difor er det vanskeleg å dra konklusjonar av ei relativt lita svinging, særleg fordi ein veit at nokre stader fører ein tidebøner med få deltakarar på denne posten. Det er nokon færre deltakarar i 2015 enn i 2014 (førebels tal, justert som ovanfor, viser 145 863 i 2015 mot 147 683 i 2014 som er - 1,2 prosent), dette fører til at gjennomsnittsframmøtet går ned til 74,9 frå 76,6 i 2014.

Talet på gudstenester totalt har gått ned med 0,7 prosent (frå 8525 i 2014 til 8469 i 2015), og talet på deltakarar har også gått ned 2,5 prosent (frå 803 262 i 2014 til 782 909 i 2015) slik at gjennomsnittleg oppmøte på alle gudstenester er gått ned til 93 frå 94 i 2014. Men fordi dette talet inneheld mange ulike typar samlingar er det vanskeleg å dra konklusjonar.

Vi vurderer det samstundes slik at talet held seg overraskande godt, sjølv om målet med auke ikkje er nådd. Utfordringane er at det er færre som går ofte og trufast. Det må meir innsats til for å trekke folk i 2015 enn tidlegare. Til dømes ser vi at gudstenester med særpreg, og ulike aktørar i tilknytning til bredde- eller trusopplæringstiltak har stor oppslutning. Vanlege gudstenester utan dåp har minst oppslutning. Vi ser òg ein klar samanheng mellom reduksjon i presteressurs og nedgang i talet på gudstenester.

Mål om å halde oppe gudstenestetilbodet er ikkje fullt ut oppnådd. Reduksjon av presteressurs er del av forklaringa.

FIG1: Gudstenestefrekvens






FIG2: Gudstenestedeltaking





Døyppt i namnet til Faderen, Sonen og Den heilage ande. Foto: Egon Askvik

FIG 3: Gudstenestedeltaking - gjennomsnitt



Kvantifiserte tal på gudstenester per prest viser og ein nedgang i tenester per prest over tid. Dette bildet er likevel viktig å forstå at er svært samansett. På ei side har bispedømet hatt personalpolitiske tiltak, som mellom anna har vore knytt til auke av presteressurs i områder med stort arbeidspress. Det tek opp talet på årsverk, sjølv om det er tidsavgrensa.

Auke av ressurs i byområda aukar ikkje talet på gudstenester i særleg grad, men har som resultatmål å avlaste prestar som har god kompetanse på barn og unge. På andre sida har nedtrekk av presteressurs i distrikt stor innverknad på talet på gudstenester. Vi vurderer og noko av nedgangen som strategisk riktig.

Vi må sjå både på ressursituasjonen, men vurderer kvar det er rett å ta bort gudstenester fordi deltakinga ikkje rettferdiggjør ressursbruken. Deltaking målt som snitt vil og skjule realitetane lokalt. Vår vurdering er at vi må styre på meir langsiktig målbilde enn gjennomsnitt tal på gudstenestedeltaking aleine.

Nattverd (sjå også fig. 3):

	Tal gudst. m. nattv.	Antal delt.	Gjennom snitt
2013	4399	160586	37
2014	4277	156209	37
2015	4229	157308	37

Talet på nattverddeltakarar er stabilt. Talet på nattverd gudstenester minkar litt (-1,1 prosent), men den prosentvise nedgangen er mindre enn den generelle nedgangen i talet på gudstenester. Det tyder på at der det er nedskjering av talet på gudstenester, syter ein likevel for at kyrkjelyden får tilbod om nattverd.

Talet på deltakarar går litt opp, men mindre enn ein person per gudsteneste, så snittet held seg stabilt. Dette er ein indikator på at det er ei kjerne av regelmessige nattverds- og gudstenestedeltakarar.

Resultatmål:

Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Indikator 3:

Talet på kyrkjelege vigslar

	2013	2014	2015
Kyrkjelege vigslar	1002	967	1026

Talet på kyrkjeleg vigsel auka i 2015. Dette er gledeleg etter nedgangen i 2014. I kva grad det er samanheng med samlivsdebatten i kyrkja er det vanskeleg å seie noko om. Vi vurderer mål om auke som nådd. Kven vi skal takke er meir komplisert å vurderer ...

Resultatmål:

Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe

Indikator 4:

Del kyrkjelege gravferder avtalet på døde

	2013	2014	2015
Tal kyrkjelege gravferder	4474	4393	4400
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde	93,0	93,5	91,9

Det er ein liten nedgang i oppslutninga rundt kyrkjeleg gravferd på 1,7 prosent. Den er ikkje dramatisk. Vi vurderer det heller slik at det er overraskande at ikkje dette har kome før. Tala har vore stabile over tid. Dette kan skuldast at det har vore få alternativ, særleg i små lokalsamfunn. Det er positivt at kyrkja har høg tilfitt rundt bruken av kyrkjelege handlingar, som er høgare enn medlemstalet. Målet må likevel primært vere å følgje opp eigne medlemmer best mogleg.

Resultatmål:

Kyrkja gjev rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.

Tabell 1: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene*

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2015	896	520	189	60	1665
2014	799	463	208	105	1575

Indikator 5:

Tal på konsertar og kulturarrangementer i kyrkjene.
Sjå tabell 1.

Det er auke i talet på konsertar og nedgang i andre kulturarrangement. Dette gjeld både egne arrangement og arrangement i andre sin regi. Det er auke i totalen. Det vitnar om mykje godt kulturarbeid lokalt.

Les meir om kultur i kapittel 3.3.6

Inn- og utmelding:

	2013	2014	2015
Innmeldingar	105	105	184
Utmeldingar	649	1224	1732

Talet på innmeldingar og utmeldingar auka i 2015. Det er tredobbelt av 2013 talla. Det kan vere rimeleg å setja dette i samband med valet og utsendinga av valkort som skapte eit mediafokus på kyrkjemedlemsskap. Like eins samlivssaka i 2014. Det vil vere av stor interesse korleis dette utviklar seg i 2016 og vidare.

3.2 Dåp og trusopplæring

Strategisk mål:

Fleire søker dåp og trusopplæring

Resultatmål:

Oppslutninga om dåp aukar

Oppslutninga om dåp aukar ikkje, men nedgangen er mindre enn tidlegare år, 0,4 ned frå 2014 til 2015 mot ein nedgang på heile 5,2 prosent frå 2013 til 2014.

Indikator 1:

Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2016. Sjå tabell 2, side 11.

Når ein ser på dåpsprosenten av dei tilhøyrande, dvs. born av medlemmer, ser ein dei same tendensane som i resten av landet, ein nedgang på 5 prosentpoeng siste 5 år, men ei stabilisering siste år. Tendensen er ikkje eintydig, for når ein ser på døypte i prosent av fødte totalt er bildet eit anna slik det viser nedanfor.

- **Dåpsprosent av fødde:**
Sjå tabell 3, side 11

Sjølv om dei førebels tala viser at dåpsprosenten går opp i Bergen og i Sogn og Fjordane er det likevel synkende dåpsprosent i bispedømet. (med atterhald om at tala kan bli korrigert.)

- **Dåpstal i bispedømet – 5-års perspektiv.** Sjå tabell 4, side 11

- **Dåpstal fordelt på prostia:**
Sjå tabell 5, side 11

Nedgangen i dåp har stabilisert seg etter ein nedgang på rundt fem prosent frå 2013 til 2014. Likevel er det vanskeleg å tolka dette som ein samla trend, fordi det er store lokale variasjonar slik tala frå prostia viser.

Delmål:

DNK skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte born

Resultatmål 2:


Omfanget av trusopplærings-tilbodet aukar

Indikator 2:

Opplæringstilbod i timar (snitt)

2013	2014	2015
189 i planane	148,1 rap. gjennomf.	155 rap. gjennomf.

FIG 6: Dåpshandlingar



Vi har ei auke gjennomførte timar. Bjørgvin har ei stor utfordring med mange sokn og få born i målgruppa på kvar stad. I vår rettleiing, tilrår vi at ein slår saman årskull, og nyttar dei gode ressursane ein har til mest mogleg smart organisering. Med små årskull kvar stad er òg tildelinga lita. Vi legg vekt på at det må vera ein realistisk plan sett i høve til den tildelinga som er gjeven. Difor har vi færre timar i planane, men desto viktigare er det at dei timane vert gjennomførte. Vi er på god veg, med ein auke på 7 prosent frå 2014 (jfr etatstatistikk). Vi ser eit stort behov for rettleiing, inspirasjon og fagleg oppdatering på bispedømenivå. Trusopplæringa er prega av sårbare og ofte små stillingar. Etter kvart som reformen er i drift, vil det verta fleire som treng rettleiing og endring av planar. Rådgevarane på bispedømenivå har også høve til å sjå samanhengar på kryss av fellesrådgrensar. Dette vert viktigare og viktigare fordi både ressurstuasjonen, arbeidstida for prestane og rekrutteringsproblematikken gjer at det trengst organ som kan sjå samanhengen og byggja nettverk mellom sokna.

Resultatmål:

Oppslutninga om trusopplæringa aukar

Indikator 3:

Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak. Sjå tabell, side 11



Tårnagentar er eitt av dei trusopplæringstiltaka som har aukande oppslutnad. Her frå Vereide kyrkje. Foto: Ingrid Aske

Tabell 2: Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2016

Alder:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Endr. frå 1-2 år	Endr. fra 1-5 år
Bjørgvin	79	79	82	83	84	0	5
Heile landet	76	77	78	79	81	1	5

Tabell 3: Døpsprosent av fødde

Døpsprosent av fødde	2011	2012	2013	2014	2015
Hordaland	70,1	68,0	67,1	64	61
Sogn og Fjordane	98,8	95,2	93,4	85	88
Bergen	56,3	54,0	52,5	41	44
Bjørgvin bispedøme	74,8	71,5	72,1	67,3	65,1
Heile landet	66,4	63,7	62,0	59,2	57,6

Tabell 4: Døpstal i bispedømet – 5-årsperspektiv

Døpstal i bispedømet – 5-årsperspektiv	2011	2012	2013	2014	2015*
Bjørgvin bispedøme	5598	5407	5216	4945	4928
Talmessig endring frå året før	-110	-191	-191	-271	-17
Prosentvis endring frå året før	-1,93 %	-3,41 %	-3,53 %	-5,20 %	-0,3

* Ukorrigerte tal, innsamla gjennom prostane

Tabell 5: Døpstal fordelt på prostia

Døpstal fordelt på prostia	2014	2015	Endr.	Endr. %
Bjørgvin bispedøme	4945	4928	-17	-0,3
Bergen domprosti	496	498	2	0,4
Fana prosti	991	1000	9	0,9
Åsane prosti	464	464	0	0
Sunnhordland prosti	633	581	-52	-8,2
Nordhordland prosti	385	387	2	0,5
Hardanger og Voss prosti	431	460	29	6,7
Sogn prosti	267	246	-21	-7,9
Sunnfjord prosti	363	389	23	7,2
Nordfjord prosti	301	300	-1	0,3
Vesthordland prosti	614	603	-11	-1,8

Tabell 6: Deltakardel på nasjonale breiddetiltak

	Døps-samtale	4-års bok	6-års saml.	Tårn-agent	Lys Våken	Konfirm.	Etter konf.	Total
Døypte i målgruppe	2260	2625	3079	2826	3024	6316	2148	19239
Deltakarar	2333	1520	1174	868	928	5873	244	10163
% 2015	103	58	38	31	31	93	11	53
% 2014	101	60	40	30	34	93	28	56

Tabell 7: Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom

Tiltak	Gudst.-for ungdom	Klubb kafé (13-15)	Andre tiltak (13-15)	Klubb/kafé (16+)	Sport	Leiar-kurs	Anna opp-læring	Week-end	Anna
2015	320	84	61	41	57	60	28	117	41
2014	305	76	54	55	33	86	17	97	45
2013	316	71	69	51	48	77	26	71	33
Frammøte									
2015	37915	2002	946	957	390	587	237	2556	848
2014	34744	1981	893	1413	555	703	194	1665	734
2013	37000	2897	1468	1217	695	706	222	1368	984

Vi har i 2015 fått nytt planverktøy for trusopppløringa, og timeteljinga er av den grunn noko endra. Etter den nye oversikta har vi hatt ein oppgang på om lag 7 prosent i «produserte» timar frå 2014. Fire nye einingar fekk godkjent plan i 2015, og planane deira har høgare timetal i snitt enn dei planane som var godkjent tidlegare. Dette dreg snittet opp.

På dei sju utvalde breiddetiltaka var det i 2014 totalt 9135 deltakarar og målgruppa var 16 456. Tidlegare Midhordland prosti kom med i tala for 2015 og totalen blei 10163 deltakarar og 19 239 i målgruppa. Det gir altså vekst i oppmøtet, men ikkje i prosent framømte. Når alle einingar har fått godkjente planar kan vi få rettare samanlikning av tal. I årsmeldinga vi skriv i 2019 for 2018 vil vi kunne sjå utviklinga etter to år med forhåpentlegvis godkjente planar for heile bispedømet. Likevel er det andre statistiske utfordringar, som at årskulla svingar, og at dåpstala går ned. Det vil difor seie at ein kan få auke i oppmøteprosent, utan å ha vekst i faktisk tal på deltakarar. Bjørgvin er det bispedømet i landet med flest deltakarar på dei sju utvalde breiddetiltaka og vi har også høgst framømte i prosent.



«Sprell levende-gudsteneste» i Meland. Foto: Arve Kjell Uthaug

Resultatmål:

Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe:

Indikator 4:

Del konfirmerte av døypte 15-åringar

	2013	2014	2015
Bjørgvin	92,9	92,1	92,9

Målet er nådd. Vi ser ein auke på konfirmasjon i Bjørgvin. I forhold til alle i aldersgruppa 15 år, inkl. ikkje-medlemmer, så var det i 2013 73,8 prosent, i 2014 74 prosent og i 2015 75 prosent konfirmererte. Det er stabil oppslutning om konfirmasjonen blant medlemmar. Dette vurderer vi som god måloppnåing.

3.2.1 Skule/barnehage-samarbeid

Resultatmål:

Gjennomsnittleg tal på skule- og barnehagegudstenester

Skulegudstenester	Antall gudst.	Antall born	Gjennom snitt
2013	441	-	-
2014	423	77896	184
2015	420	72507	173

Det er ein liten nedgang i talet på skulegudstenester. Prostane seier det kan vera utfordringar når det vert skifte av rektorar. Enkelte stader er det òg ein stor kostnad med transport til kyrkja og nokre skular vel å ikkje delta av den grunn. Ein kan og sjå en liten tendens på at det vert eit besøk i kyrkja før jul med klassane, evt. julevandring i staden for gudsteneste. Dette vert ikkje talfesta.

Barnehagegudsten.	Antall gudst.	Antall born	Snitt delt.
2014	234	16411	67
2015	216	14524	67

For barnehagane sin del er det færre gudstenester. Her trur vi tendensen er at barnehagane kjem på Påskevandring i kyrkja i staden for ei gudsteneste. Dette er heller ikkje talfesta.

Oppløring for vaksne

Vi ser ein auke i oppløring for vaksne etter at vi i 2014 sette eit særskilt fokus på det. Bispedømet har utvikla to gruppeopplegg, eit for ungdom, «Opp ned» og eit for vaksne, «Tid for tro». Desse er tatt i bruk, men ikkje i stort omfang. Likevel vurderer vi satsinga som vellukka fordi det i 2015 er 50 prosent auke i talet på rapporterte bibelkurs og deltakarar i bispedømet, frå 32 grupper i 24 sokn med 603 deltakarar i 2014 til 49 grupper i 32 sokn med 823 deltakarar i 2015. Det er og fleire sokn som samarbeidar om kurs, opp frå 4 i 2014 til 14 i 2015, dette er ei effektiv ressursutnytting som bispedømet har oppfordra til. Talet på bibelgrupper og husfelleskap har gått noko ned, frå 181 til 169, men det er fleire sokn som melder at dei har, 50 i 2014 til 54 i 2015 og fleire som samarbeider, frå 3 i 2014 til 9 i 2015, dette tolkar vi som at tilbodet når lenger ut.

3.2.2 Ungdom:

Resultatmål:

Ungdomsarbeidet aukar etter ungdomsåret.

Indikator 5:

Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom. Sjå tabell 7, side 11

Vi ser at det er ein auke i talet på gudstenester for ungdom og dermed også fleire deltakarar. Det same gjeld tiltak for 13-15-åringane. For tida etter konfirmasjonsalder er det ein nedgang. Vi har hatt fokus på dette og hatt fleire tiltak som vi trur vil gje effekt i 2016 (TGIF i Åsane prosti). Leiarkurs har ein nedgang, men det er ein auke på anna opplæring, også auke i aktivitetar som week-end og anna. Totalt er det ein auke på

punkt om medvirkning, men kven kan vera medvirkar og med kva mandat? Det kan vera ei utfordring at når kyrkja «driv» sitt eige «formaterte» barne- og ungdomsarbeid så kan det verta ei einsretting. Det vert også veldig styrt av dei tilsette og medverknad vert basert på utveljing. No kan ein sjølv sagt snakke om at det er ei formatering også der det er ein organisasjon som driv alt arbeidet. Men då kan kyrkja seie at dette berre er eit av tilboda som finst i kyrkja. Kyrkja er for alle som bur i soknet. Det er når soknet sjølv står som «drivar» at det kan gje ei form for einsretting. Det er ein skilnad på «dette driv nokon med i kyrkja» og «dette er det kyrkja som driv».

Samstundes er krav til profesjonalisering, rapportering, HMT, lovar og reglar og økonomistyring såpass krevjande at det er forståeleg at det er styrt av tilsette. Dei frivillige organisasjonane har eit strengt krav til demokratisk oppbygging

kompetanseoppbygging knytta til alt som har skjedd i trusopplæringsreforma. Dette har gjeve kyrkja eit stort fortrinn i høve til organisasjonane. Det er imidlertid heller ikkje uproblematisk å lene seg for mykje til organisasjonane. Fleire stadar i Bjørgvin er det i dag eit godt samarbeid med Søndagsskoleforbundet, Norges KFUK-KFUM, Indremisjonsforbundet, Misjonssambandet og Normisjon men i spesielt i høve til dei tre siste, (IMF, NLM, Normisjon) er det ei ekstra utfordring at deira tendens går i retning av å laga sine eigne trussamfunn i kjølvatnet av saka om vigsel av likekjønna. Dette merkast også lokalt og vil før eller seinare verta ei stor utfordring for oss.

Kyrkje 18-30

Arbeidet med «ung katedral» i St.Jakob har byrja å bere frukt. Ein har eit godt samarbeid med Norges KFUK-KFUM, NMSU og studentprestane, slik at det no er ei gudsteneste kvar søndag kl 19 i St. Jakob, med eigen liturgi med band (Etter Gudsteneste for unge vaksne, «GUV»-modell) og Jakobsmessasom er skriven av Erik Hillestad og Karoline Krüger. Det er også god kontakt med Majorstua + og eit nordisk nettverk. Arbeidet i St.Jakob er også ein stad der vi ser eit rekrutteringspotensiale. Ein har og gode relasjonar til NLA sitt studium i Praktisk teologi og leining. Det blir opplevd som ein styrke å knytta arbeidet til eit fagmiljø. Bjørgvin bispedøme hadde også i 2015 ein eigen stor konferanse på NLA «Sjå, eg skaper noko nytt», om entreprenørskap og nytenking. Dette samarbeidet held fram i 2016 og 2017 med eigne konferansar.



Det var bra oppslutnad om ungdomstinget i 2015. Foto: John Bertin Bjørke Hellerslien

3656 deltakarar, vi er nesten på same nivå som under ungdomsåret som var ei stor satsing.

Kyrkja og barne- og ungdomsorganisasjonane

I kyrkjeleg årsstatistikk vert det spurt etter kva «kyrkjelyden driv». Dette saman med breddetiltaka i trusopplæringsreforma som, godt støtta opp av IKO og trusopplæringskonferansen, kan gje eit inntrykk at kyrkja er godt i gang med å lage sin eigen barne- og ungdomsorganisasjon, med ei sterk «formatering». Plan for trusopplæring har eit eige

pga m.a Frifond, med val av styre og leiar som har den reelle makta. Dei unge i ein klubb eller kor, er ikkje «medverkarar», men har reell makt som dei har fått av de andre medlemmane gjennom eit demokratisk val. Ungdomsdemokratiet med ungdomsting og ungdomsråd er basert på ei utveljing frå soknet som sender sine delegatar utan nokon valprosess på førehand. Vi ser også fleire stader i bispedømet at sokna går saman og dannar sine eigne nettverk slik som i Åsane med «Thank God It's Friday» for ungdom etter konfirmanttida. Alt dette kjem nok som ei følgje at kyrkja har ressursar både i form av bygg og tilsette og etter kvart ei sterk

Indikator 6:

Tal på deltakarar på ungdomstinget

Ungdomstinget :	40
Ungdomsrådet :	8

Deltakarantalet på ungdomstinget har stabilisert seg i Bjørgvin. I 2015 vedtok ungdomstinget å ha det fast i veke 10. Det gjer det enklare å få inn på planar og i tenkinga gjennom heile året. LIV-kurset i KFUK-KFUM har fleire stader lagt det inn som ein del av opplegget sitt. Ungdomsrådet har hatt gode prosessar, men ein arbeider også med si eiga sjølvforståing; Kva er dei valt til å gjera og med kva mandat.



Eit fullsett lokale fekk høyra samtale mellom professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde og biskop Halvor Nordhaug då «På troen løs» starta med temaet «Spør av Gud i loven» Foto: Jens Z. Meyer

3.3 Kyrkje og samfunn

Staregisk mål:

Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet.

3.3.1. Diakoni

Diakonar

Det vart i 2015 tilsett ny diakon i Førde kyrkjelyd i til saman 100 prosent stilling med midlar frå Bjørgvin bispedøme (50 prosent) og Førde kommune (50 prosent). Midlane til stillinga vart overført til Førde frå gamle «Ytre Sogn prosti» då det ikkje var midlar lokalt til å matche 50 prosent statleg tilskot der.

I Vik og Balestrand sokn sa ein også frå seg 50 prosent statlege diakonmidlar då det ikkje var midlar lokalt til å matche det statlege tilskotet. Dette vart i første omgang overførte til Nordfjord prosti med håp om å kunne etablere ei prosti-diakon-stilling der. Det arbeidet stoppa opp då dei ikkje fann lokal finansiering til stillinga. Midlane gjekk då vidare til

Askøy kyrkjelege fellesråd som allereie var sikra lokal finansiering av Askøy kommune. Nordfjord prosti er med dette det einaste prostiet i Bjørgvin bispedøme utan tilgang på diakonal kompetanse med statleg finansiering. Det einaste som er att er ei 40 prosent lokalt finansiert diakoniarbeidar-stilling i Gloppe. Det viser kor utsett diakonstillingane er når stillingane er avhengige av lokal finansiering, til skilnad frå preste- og kateketstillingane.

I høve satsinga på «det grønne» vart det i februar 2015 arrangert ein vellukka fagdag mellom grønne prostikontaktar og diakonar. Dette var bra både med tanke på nettverksbygging, kompetanseheving og arbeid lokalt.

Sjukehusprestane på Haukeland og Haraldsplass sjukehus, representantar for diakonane i Bergen kyrkjelege fellesråd, sjukeheimsprest-tenesta i Bergen kommune og bispedøme har i 2015 arbeidd vidare med å få realisert Samhandlingsreforma og Rett til tru-prinsippet på sjukeheimar i Bergen. Eit arbeidsutval med representantar frå dei ulike tenestene har arbeidd med ei prosjektskisse med tanke på å få realisert eit tre-årig prosjekt med vekt på åndeleg og

eksistensiell omsorg på sjukeheimar i Bergen. Det vert jobba vidare med dette i 2016.

Resultatmål:

Fleire kyrkjelydar utviklar plan for diakoni

Indikator 1:

Delen sokn med plan for diakoni

Diakoniutvalet i Bjørgvin bispedøme har i 2014 motteke diakoniplanar for to kyrkjelydar (Skjold i Bergen og Førde i Sunnfjord prosti). Ifølge tal frå kyrkjelydane er det no 97 godkjende diakoniplanar i kyrkjelydane i bispedømet. Dette er ein nedgang frå førre år (106 i 2014).

Vurdering

For å få fleire kyrkjelydar til å satse på og utvikle lokale planar for diakoni, er det i 2016 planlagt fem kurs lokalt (prostini- og/soknerådsnivå etter kva som er fruktbart) for å få realisert fleire diakoniplanar. Vurderinga er at denne satsinga vil svare seg i talet på nye diakoniplanar.



Karoline Krüger og Sigvart Dagsland fekk Johan Nordahl Brun-prisen for deira innsats som brubyggjarar mellom kyrkje og kultur. Foto: Jens Z. Meyer

3.3.2 Inkluderande kyrkjeliv

Etter at KR og KA si ansvarsavklaring i «Trosopplæring og konfirmasjon med like muligheter for alle» låg føre, har bispedømet arbeidd for å auke medvitnet hos fellestråda om deira ansvar for at også barn og unge med psykisk utviklingshemming skal få fullverdig trus- og konfirmasjonsopplæring. Temaet er såleis drøfta med prostane og med leiinga i Bergen Kirkelige Fellestråd (BKF). Dei daglege leiarane i Bergen-sokna er også blitt kursa i tematikken. Bispedømet og BKF har i fellesskap gjeve tilbod om eit spesielt tilpassa konfirmantopplegg knytt til Åsane kyrkje for konfirmantar i Bergen med psykisk utviklingshemming. Vi har også støtta kateketar i stiftet med råd og død i møte med barn og unge med særskilde behov i trusopplæringa. Klubbar og andre særskilde tiltak for utviklingshemma i sokna har blitt følgt opp. Vidare har vi arbeidd for å auke medvitet i vernepleieutdanninga og i den kommunale helse- og omsorgstenesta om psykisk utviklingshemma sin rett til eige trusliv. I alt dette har bispedømet sitt integreringsutval òg vore ei viktig støtte for spesialpresten, som også har hatt god hjelp

av samarbeidet med rådgjevarane innan trusopplæring og diakoni.

3.3.3 Kommunikasjon og samfunnskontakt

Kyrkja er ein relevant aktør i mediesamfunnet. Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.

Resultatmål:

Utvikla velfungerande heimesider

Indikator 2:

Treff på heimesidene i 2015

Økter: 45 445 økter (ein brukar kan i løpet av ei økt vera innom fleire sider på nettstaden).

Brukarar: 18 951 (ein brukar er ein unik brukar i form av ei unik maskin, men same brukar kan ha for eksempel jobbpc, fleire heime-PC-ar, nettbrett, mobil)

Tala for 2014 var ikkje pålitelege pga. feil i måten analyseverktøyet var koda på. For å samanlikna dei to siste åra, har vi rekna ut eit gjennomsnitt av treff pr. dag. I 2014 var dette 96, i 2015 var det 124.

Presseklipp

Det vart i 2015 registrert om lag 596 relevante presseklipp på biskopen i Bjørgvin. Vårt Land, Dagen, BT og Bergensavisen dominerer på både papir og nett. Med mange oppslag knytt til vigsel av homofile, der biskopen er talsperson for eit kompromissforslag frå bispemøtet, er det mange oppslag i riksmidia. Det same gjeld i saker som nei til sundagsopne butikkar og kyrkja og flyktningane, der biskopen har gjeve tydeleg uttrykk for sine meiningar.

Andre tema med mange oppslag: Halvor Nordhaug sitt krav om at det israelske flagget måtte ned når det var vanlege gudstenester i eit bedehus. Omtale av arrangement som «På troen løs» og Johan Nordahl Brun-prisen får nokre oppslag, men ikkje så mange. Kvar gong biskopen er på visitas, lokale kyrkjedagar eller jubileum, kjem det i lokalavisene. Biskopen har også hatt fleire innlegg i BT, Dagen og Vårt land, i form av teologiske kommentarar og innlegg om kristendomen si rolle i samfunnet, anten det gjeld historisk eller korleis det bør verano, t.d. med skulegudstenester. Nokre oppslag om biskopen og hans favorittfotballag Fredrikstad fotballklubb, vart det også plass til.

Vi har ikkje presseklipp over radio- og TV-innslag, men biskopen er fleire gonger i året på NRK radio og fjernsyn og TV 2.

Bispedømerådet og administrasjonen er i mindre grad i media enn det biskopen er.

Biskopen speglar på si facebook-side sine avisinnlegg og ein del arrangement han er med på. Dei mest leste oppslaga hans når over 3000 lesarar. Han viser også ofte til bispedømet sine nettsider og er slik med på å generera trafikk der.

På troen løs

Biskopen har heilt sidan han tok til i tenesta, vore oppteken av å vera i samtale med omverda, også utanfor kyrkja. I 2015 starta han ein samtaleserie – På Troen Løs, der tvilarar, truande, ateistar og alt derimellom deler podiet med moderator Håvard Nyhus og biskopen sjølv.



Vern av skaparverket stod sentralt på Nasjonal pilegrimskonferanse som sende vatn i ein stafett til klimatoppmøtet i Paris. Foto: Trond Øigarden.

Det har vist seg å bli ei populær serie – med tilhørarar frå ulike miljø i Bergen. Forfriskande og utfordrande for alle dei involverte. Serien er eit samarbeid med Litteraturhuset i Bergen og er støtta av Fritt Ord.

Samtalane hausten 2015:

- «Spor av Gud i lova» med professor i retts historie, Jørn Øyrehagen Sunde.
- «Korleis forkynna det språkause» med forfattar Hanne Ørstavik.
- «Er det håp for Den norske kyrkja» med redaktør Vebjørn Selbekk
- «Religionen sin plass i det offentlege rom» med leiar i Human-etisk forbund, Kristin Mile.

Utover hausten og vinteren kan ein høyra generalsekretær Kristin Mile i Human-Etisk forbund diskutera religionens plass i det offentlege rom. Andre gjester blir bl.a. ordførar Trude Drevland, astrofysikar Øystein Elgarøy, professor Frank Aarebrot, artist Herborg Kråkevik, filosof Henrik Syse og debattredaktør Hilde Sandvik.

Johan Nordahl Brun-prisen

Ein annan arena i skjæringspunktet mellom kyrkja og samfunnet/kulturen, er den årlege mottakinga i Korskirken i Bergen med utdeling av Johan Nordahl Brun-prisen.

Vinnarar i 2015 var Karoline Krüger og Sigvart Dagsland for deira innsats som brubyggjarar mellom kyrkje og kultur, særleg med tanke på deira inn-

sats som formidlarar og nytolkarar av gamal tradisjon som salmar og liturgi.

3.3.4 Forbruk og rettferd

Resultatmål:

Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar.

Indikator 3:

Tal på grøne kyrkjelydar

Oversynet frå kyrkjerådet opererer med 24 grøne kyrkjelydar i Bjørgvin. Dei melder at dette er ein auke på to, og at auken skuldast at Fjell sokn er delt i tre. I praksis er det difor liten utvikling i talet på grøne kyrkjelydar. Det betyr ikkje at engasjement for klima og rettferd er lite, men at det har tatt andre og meir individuelle former. Fleire kyrkjelydar samarbeidar med bærekraftig liv-grupper og det vart registrert 14 klimapilegrimsarrangement i Bjørgvin som ein del av oppladinga til klimamøtet i Paris.

3.3.5 Misjon

Resultatmål:

Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Indikator 4:

Tal på kyrkjelydar med inngått misjonsavtale

Tal frå misjonsorganisasjonane viser ein auke frå 116 til 127 kyrkjelyder med misjonsavtale i Bjørgvin bispedøme i 2015. Denne utviklinga er positiv, og det vil bli arbeidd aktivt med å fortsette oppganga i Bjørgvin bispedøme.

Ibyrjinga av 2014 vart misjons- og diakoniturneen «La livet vinne – misjon og diakoni i ei ny tid» avslutta med vitjing i Sogndal og på Voss. Med denne turneen har Bjørgvin bispedøme i samarbeid med Samarbeid Menighet og Misjon (SMM) i Bjørgvin, Kirkens Nødhjelp i Bjørgvin og dei nasjonale organa Mel-lomkyrkjeleg råd, Kirkens Nødhjelp og SMM sett fokus på kyrkja sitt internasjonale arbeid slik det trer fram hos SMM-organisasjonane og Kirkens Nødhjelp.

Hovudmålet med turneen var å gjere kjend kyrkemøtevedtak 07/2012 om «Misjon til forandring. Utfordringene fra Edinburgh 2010» og konsekvensane dette har for den einskilde kristne og for kyrkja lokalt og globalt. Samstundes var turneen eit svar på korleis få opp talet på misjonsavtalar i vårt bispedøme. Turneen verka positivt og vi har klare signal om at auken i fleire av dei nye kyrkjelydane som har misjonsavtale, er frukt av turneen. 2015 skulle vi arrangere «Årets SMM-tur» for andre gong.

Denne gongen med ein tur under leing av NMS i Bjørgvin. Turen skulle gå til Estland. Men pga. dårleg påmelding vart turen avlyst. (I 2016 vert det tur med 21 deltakarar til Hong Kong og Kina i samarbeid med Areopagos).

Vurdering

Med utgangspunkt i resultatmålet om å få fleire kyrkjelydar engasjerte for misjon, viser det seg at satsinga på misjons- og diakoniturneen la grunnlag for optimisme med tanke på vidareutvikling av talet på nye misjonsavtalar i Bjørgvin bispedøme.

3.3.6 Kultur

Resultatmål:

Auka kyrkjeleg kulturkompetanse

Indikator 5:

Talet på tiltak el. delt. på kompetansehevande tiltak i bispedømet

2014: 4 tiltak, 63 deltakarar. I 2015 har det ikkje vore slike kurs.

Pilegrim

I 2015 har investeringane i pilegrimsarbeidet bore frukter. Det er tydeleg at dette feltet tiltrekker seg folk i heile Bjørgvin som er glade i både kyrkje, kultur, natur og historie.

Eit stort kyrkjeleg tiltak i Selje var den nasjonale kyrkjelege pilegrimskonferansen 2015, - Livet – Lyset – Legenda, - som samla 70 deltakarar frå heile landet. Konferansen hadde vern om skaparverket som grunntema og var eitt av tre startskot for Klimapilegrim – vandringa mot klimatoppmøtet i Paris i desember. Kinn Sokneråd og NMS region Sunnfjord starta eit fint tilbod for pilegrimar på Sunnivaleia: Kinnakyrkja Open, -med middagsbøn og kveldsbøn kvar dag i juli.

Frå vurderingane i ettertid, finn me røyster som ønskjer seg utvikling av pilegrimsopplegg for familiar, ungdom og konfirmantar, - til nytte både i heim, skule og kyrkje. Det er nok slik at pilegrimsvandringane i hovudsak har trekt til seg godt vaksne.

Det finst unntak frå dette: Kyrkjelyden i Eidfjord rapporterer frå ein pilegrimstur for barn frå 11 til 13 med klima som tema. Dei skulle blant anna få alt restavfall frå ein leir for 30 personar opp i eit Norgesglas.

Prosjektet Kystpilegrimsleia har engasjert og aktivisert en rekke lokalmiljø langs kysten frå Stavanger til Nidaros: Til dømes vart det i august arrangert eit flott pilegrimsopplegg i Sunnhordland prosti som samla vel 30 deltakarar frå fleire kantar av landet. Turen gjekk frå Stødle kyrkje i Etne til Moster gamle kyrkje, via Halsnøy kloster.

Sunnivaleia har no ei veletablert årleg vandring fram mot Seljumannamesse, og Kinnakyrkja hadde i 2015 stor suksess med friviljuge vertar heile sommaren.

«Stiftinga Sankta Sunniva, Selje og Stad» med føremål formidling, forvaltning og forskning knytt til Selja kloster og helgenanlegg, Selja og Stad blei skipa 17. juni i 2015. Det nye styret er breitt samansett, og representerer relevante fagmiljø, næringsliv, politisk nivå, frivillege og lokalbefolkning. Her har bispedømet observatørstatus.

Pilegrimsarbeid var også tema då bispedømerådet vitja Røldal i slutten av august. Drøfting av Røldal som pilegrims mål viste at det som med alt anna endringsarbeid krevst at utviklinga må eigast av dei det gjeld, og vekse nedanfrå.

Reformasjon 2017

Bispedømet har i 2015 arbeida målretta med bevisstgjerung og forankring av Reformasjonsjubiléet i 2017, både i eigen stab og i presteskapet. Det er eit ønskje at ny kunnskap og kjennskap til Luthers liv og lære, - og effekten av denne, må gjere sitt til at Folkekyrkja i Noreg må verta tydelegare, opnare og meir attraktiv. Førebuingane av hendingane i samband med Bergen si rolle som Noreg sin reformasjonsby i 2017 er òg i full sving.

Kyrkjemusikk

Kyrkemusikken blomstrar fleire stader i Bjørgvin, - i eit mangfold av uttrykksformer. Årsstatistikken kan tyda på at nokre fleire sokn har vedteke eigen plan for kyrkjemusikk, men her er det rom for mange til. Aktiv bruk av ny plan vil bere frukt.

3.4 Rekruttering og ulønna medarbeidarskap

Resultatmål:

Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka

Indikator 1:

Tal på vigslingar

Det blei i 2015 ordinert fire prestar, mot ni i 2014. Tre av dei til teneste i bispedømet, høvesvis to i Sogn og ein i Nordfjord prosti. Den fjerde blei ordinert til stillinga som dagleg leiar i Acta – Barn og unge i Normisjon. Det blei også vigsla ein diakon til teneste i Sogn prosti. Dette er gledeleg, sjølv om det er ein nedgang frå 2014.

Resultatmål:

Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Indikator 2:

Tal på frivillige

	2013	2014	2015
Bjørgvin	11083	11048	12194

Kjelde: Førebels tal frå SSB

Det er ei gledeleg auke i talet på frivillige medarbeidarar etter ein liten nedgang i 2014. Det kan truleg skuldast at alle prosti no er innfasa i trusopplæringa, og i siste fase av planarbeidet, og difor har auka fokus på systematisk arbeid med frivilligheit. Det gjev i alle fall eit godt utgangspunkt for å arbeide vidare med dette.

3.5 Samarbeid i kyrkja

3.5.1 Bispedømerådet sin administrasjon

Resultatmål:

Bispedømerådet skal ha ei forvaltning som er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert

Indikator 1:

Budsjett og rekneskap er i balanse

Med eit samla budsjett på nær 140 millionar er eit resultat som viser meirforbruk kr 71 000 ved årsslutt å rekna som balanse. 2015 var imidlertid eit år med store utfordringar kva gjeld kontroll og rapportering. Dette fordi vi halvegs i året skifta rekneskapsprinsipp frå SRS tilbake til kontaktprinsippet, sjå nærare omtale under del VI – Rekneskapsprinsipp.

I totalbildet er vi i balanse, men ser vi på dei to arbeidsområda presteskapet og kyrkjeleg administrasjon kvar for seg, har vi eit mindreforbruk på kyrkjeleg administrasjon og eit tilsvarende meirforbruk på presteskapet. I 2015 brukte vi opp eit oppsamla mindreforbruk på kr 4 573 000, det vart nytta til tiltak av tidsavgrensa karakter.

Indikator 2:

Det er gjennomført brukarundersøking.

Brukarundersøking vart gjennomført i november 2014. Det var litt for tett å gjennomføra ei ny undersøking i 2015. Det har òg vore for lite kapasitet til å følgje opp funn i brukarundersøkinga i 2015.

3.5.2 Samarbeid lokalt

Resultatmål:

Meir samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrenser

Indikator 3:

Tal på fellesråd som deltar i forsøk eller har etablert samarbeidsområde på tvers av sokne-/kommunegrenser

I samband med kyrkjevalet, var det nokre sokn som slo seg saman i 2015 eller frå 1. januar 2016, medan andre skilte lag.

- Dei tre sokna i Lærdal, Hauge, Tønjum og Borgund som alt hadde hatt felles sokneråd i 10 år, har slått seg saman til Lærdal sokn frå 1. januar 2015.
- Vike og Ostereidet sokn har hatt felles sokneråd i fire år. Frå 1. januar 2016 har det slått seg saman til Osterfjorden sokn.
- Av dei fire sokna i Gloppen, har Vereide og Gimmestad slått seg saman til Gloppen sokn frå 1. januar 2016.
- I Fjell delte eitt av landet sine største sokn seg i tre sokn som alt hadde kvar si kyrkje. Frå 1. nov. er medlemene fordelt på Landro, Foldnes og Fjell sokn.

3.5.3 IKT

IKT – Ta i bruk og utnytte elektroniske løysingar:

På IKT-området vart 2015 for administrasjonen prega av dei store endringane vi går i møte med skilje stat – kyrkje frå 1. januar 2017. Bjørgvin bispedøme bidrog med ressurs inn i nasjonal prosjektgruppe for val av nytt system for løn, personal og rekneskap (LPR). Det er forventat at kontrakt vert signert før påska 2016. Det er først og fremst personale som arbeider med rekneskap, løn og økonomi som vert berørt, men samtlege tilsette vil frå 1. januar 2017 måtta forhalda seg til nytt lønssystem, dermed også nytt system for føring av reiserekningar.

Avtalen om arbeidstid for prestane utløyste for administrasjonen mykje arbeid med førebuing av nytt system for registrering av variable tillegg.

Bjørgvin beslutta å nytta excel-skjema utarbeidd av departementet, med supplerings av SAP-Tid for registrering av overtid for prestane. Administrasjonen har i fleire år nytta SAP-Tid. Det som ikkje vart tilfredsstillande løyst var eit godt arbeidsplanleggingsverktøy for prostane. Bjørgvin har Agrando-prostemodulen. Vi valde å ikkje sei den opp, men vere i dialog med Agrando for best mogeleg å tilpassa prostemodulen til ny avtale om tid.

3.5.4 Demokratiutvikling

Resultatmål:

Auka deltaking ved valet og styrkje demokratiet.

Indikator 4:

Tal på deltakarar på soknerådskurs: 925.

Indikator 5:

Tal på veljarar ved kyrkjevalet: 54 206

I Bjørgvin bispedøme har 13,4 prosent av 394453 medlemmer i Den norske kyrkje røysta i direktevalet av leke medlemmer til bispedømeråd/Kyrkjemøtet. Dette er ein auke frå valet i 2011 då 11,12 prosent røysta ved bispedømerådsvalet. Bjørgvin var eitt av dei bispedøma som hadde minst auke i valoppslutnaden. Det kan skuldast at det både var indirekte val og berre var ei liste, ikkje to som i dei aller fleste bispedøma, men denne samanhengen kan ikkje påvistast. Av alle sokneråda i Bjørgvin, var det ni som ikkje røysta ved det indirekte valet. Totalt 1091 røystesetlar vart talde, 42 vart forkasta. Det nye bispedømerådet har like mange kvinner som menn, altså 50 prosent kvinneandel.

Det nye bispedømerådet samla til første møte. Frå v. Egil Morland (1. vara), biskop Halvor Nordhaug, Vemund Øiestad, Beate Husa, Inger Helene T. Nordeide (leiar), Karl Johan Kirkebø (nestleiar), Berit Nøst Dale, Ida Lindøe, Nora S. Baartvedt, Ivar Braut og Marius Økland. Foto: Jan Ove Fjelltvit



To av medlemene, altså 20 prosent, er under 30 år.

Soknerådskursa vart stort sett arrangert prostivis, men med fleire kurs i nokre prosti. Det var godt fram møte og gode evalueringar. Ei eiga utgåve av bladet «Stiftsnytt» vart brukt i kursa.

Ungdomsdemokratiet har blitt styrkt dei siste åra. Deltakinga på ungdomsting: 40. Det er etablert eit årleg møtepunkt mellom bispedømerådet og ungdomsrådet, med mål om to årlege møtepunkt. I tillegg er det auka fokus ved at ein rådgjevar følger opp samvirke mellom administrasjonen og ungdomsrådet. Medan ungdomsprosjektet St Jakob er ansvarleg for å følge opp ungdomsrådet sine møte.

3.6 Andre område i kyrkjeleg sektor

3.6.1 Fengselspresttenesta

Alle dei tre fengsla i bispedømet har prestestillingar knytt til seg. I Bergen Fengsel er det to 100 prosent stillingar, i Bjørgvin fengsel ein 80 prosent stilling og Vik fengsel har ein 50 prosent stilling.

Alle innsette får tilbod om gudsteneste annankvar veke. I Bergen Fengsel, der det er avdelingsvise gudstenester, vart det gjennomført 125 gudstenester i 2015, og oppmøtet har halde seg stabilt godt over mange år. Det er og eit nært samarbeid med frivillige organisasjonar som Frelsesarmeen, og andre kyrkjesamfunn. Den katolske kyrkja i Bergen har månadsvise messer i Bergen Fengsel. Prestekontoret er og samarbeidspartnar og tilretteleggar for visitortenenesta som er eit tilbod frå Røde Kors om besøk på cella. Det blir og ytt hjelp til innsette med annan religiøs tilknytning, t.d. skaffar prestane Koranen frå lokal moské til utdeling. Elles nyttar dei innsette presten svært mykje til samtalar, og prestetenesta er sett stor pris på av både innsette og tilsette.

3.6.2 Samisk kyrkjeliv

Ingen kyrkjelydar har samiske innslag. Det var i 2015 planlagt to samiske gudstenester på ettermiddagstid i Skrudhuskapellet i, men båd to vart avlyste fordi det ikkje lukkast å få samisktalande prest dei dagane. ●

IV: Styring og kontroll i verksemda

4.1 Verksemda si risikostyring i 2015

Bispedømerådet si overordna vurdering

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggjande styringsprinsipp. Det er samstundes tilpassa det nivået og omfanget som leiinga av verksemda har vurdert som tenleg. Tildelingsbrevet og årsplanen dannar grunnlaget for prioriteringane i arbeidet.

Tildelingsbrevet peikar særleg på: «En landsdekkende folkekirke og et tydelig skille mellom stat og kirke» som prioriterte område. I Bjørgvin har vi fylgt opp arbeidet vårt ut frå dette.

Bispedømerådet viser til at samla måloppnåing er god, jfr del III. Prestetenesta og kyrkjeleg administrasjon nyttar tildelinga godt. Det vert samstundes arbeidd kontinuerleg med forbettrings- og utviklingstiltak innan det relativt vesle handlingsrommet kontantprinsippet og ein tung forvaltingskultur tillet.

Bispedømerådet har over fleire år arbeidd for å betre styringsinformasjonen og systema for heilskapleg styring etter blant anna DFØ sine metodar. Den overordna risikoen knytt til styring, er vurdert som liten. Det har vore høgt fokus på jamleg rapportering, særleg på det største elementet i tildelinga, løn til presteskapet. Rapportering på løn og reisekostnader inn i prostemøta er eit viktig element i dette, likeeins internt i organisasjonen og til bispedømerådet. Størst risiko i 2015 var knytt til endra styringsinformasjon undervegs. Fleire avtalar som vart framforhandla sentralt gav eit meir usikkert bilde å styre etter enn ønskjeleg. Resultatet med eit lite femsifra meirforbruk av ei tildeling på nisifra beløp er vi såleis godt nøgde med.

Risiko er også vurdert på måloppnåing for dei ulike områda i årsplanen. Vi har òg sett i gang ei eiga vurdering av risiko i høve til verksemdsoverdraginga med særleg fokus på at vi har høgt aldersnitt i presteskapet.

Risiko for misleghald har vore vurdert på tre område

Internkontroll:

Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Riksrevisjonen har gjeve merknad på at nokre av rutinene ikkje er godt nok dokumenterte. Dette har vi tatt tak i. I ei lita verksemd som vår er det nok meir kultur for å avklare og gjere, enn for å dokumentere skriftleg at ein har gjort det rutinen seier. Dette har vi vurdert som tilstrekkeleg, men tiltak er sett i verk for å forbetra dette i samsvar med dei merknadene som er gjevne. Det må samstundes vurderast opp mot kva som er vesentleg. Rapporteringa må vere på eit fornuftig nivå. Det må ikkje ta for mykje ressursar bort frå hovudformålet med tilskotsmidlane og tildelinga.

Transparens og tillit er hovudelementa i internkontrollen vår, slik vi vurderer det. Kost og nytte av ulike kontrollsystem må vurderast nøye, slik at tilliten i organisasjonen ikkje blir redusert. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Det er mellom anna lagt ekstra kontrollrutinar på leiarane sine eigne godtgjersler og reiserekningar. Det vert tatt stikkprøvar vedkomande reiser, tilskot, med meir. Det er likevel strukturen og arbeidsflyten med to godkjenningar og systema rundt DFØ som er hovudelementa i kontrollen.

Tilskotsforvaltning:

Risikoen for misleghald rundt tilskot har vorte vurdert som mogleg, men liten. Størst risiko er det på leveranse, det vil seie om det blir levert tilfredstillande diakoni eller undervisning i

Soknerådskurs i Fana prosti med fokus på soknerådet sin føremålsparagraf om å vekke og nærme det kristelege livet i soknet. Foto: Jens Z. Meyer

samsvar med tilskotet. Kontrollsystema våre er difor mest bygt opp rundt det å vere tett på drift. Vi sjekkar avvik i tydinga ledige/vakante stillingar, og det er den mest vesentlege faktoren i forvaltninga av tilskotet. Rekneskapstala kan underslå dette. Tilskotet kan vere nytta og rekneskapsført på formålet, utan at t.d. trusopplæring har funne stad. Ein av diskusjonane vi har hatt med nokre fellesråd er knytta til prosentsats for administrasjon og tilrettelegging. Her er det, slik vi vurderer det, uklare føringar frå Kyrkjerådet. Det er stor skilnad i storleiken på fellesråda, med tanke på å kunne halde attende 5 prosent av unytta midlar. Igjen vil det kritiske blikket vårt vere om det er levert tilfredstillande trusopplæring i dei einskilde einingane. Rekneskapen til fellesrådet gjev berre ein del av dette bildet. Vi følgjer kriteria til Kyrkjerådet, men vi vil samstundes meine at våre system har vore både enklare og meir presise på å sikre at midlane vert nytta rett. Difor vil vi oppretthalde dei, i tillegg til å følgje merknaden i revisjonen.

Presteskapet:

Prestane fekk ny avtale om arbeidstid med verknad frå 1.1.2016. Dette medfører ei kulturrendring for prestane, frå å vere i særskilt fri stilling til å ha arbeidstid med tillegg for ulike ubekveme tidspunkt. Det ligg i intensjonen i avtalen at ein skal ha meir regulerte rammer med betre skilje mellom arbeid og fritid. Det kan føra til auka risiko for misleghald rundt føring av arbeidsplanane. I innføringa må det kontrollerast om dei har forstått avtalen og arbeidsgjevar må kritisk vurdere tidsbruken. Det er samstundes viktig å balansere dette mot vesentlegheit og at hovudbærebjelken er tillit. Det må ikkje redusere prestane sin motivasjon for innsats. Regulerte arbeidsplanar må ikkje styre prestane bort frå dei sentrale elementa i prestenesta.

Eit særleg blikk på trusopplæring

For resultatmåla som gjeld trusopplæring har vi identifisert risikofaktorar som vakanse i stillingar, manglande kunnskap om planarbeid og rapportering, og også generelt manglande kom-



petanse innan pedagogikk og/eller teologi. Til den første faktoren med vakanse i stillingar har vi ei avgrensa verktøykasse, men vi har generelt sett satsa på å sjå og bekrefte dei tilsette i dei samlingane og kursa vi har, og vi forsøker å støtte dei tilsette og leggje til rette for læring og utvikling. Vi har arbeidd mykje med frivillig medarbeidarskap (avlasting) og hatt samling med fokus på medvandring og medarbeidaromsorg (oppfølging).

Vi har hatt samlingar og sendt ut rettleiingar om bruk av planverktøyet, og tilsvarende for arbeidet med å utvikle lokale trusopplæringsplanar. Elles har vi hatt mykje fokus på å gi reiskapar/kunnskap for å kunne redusere risiko gjennom kurs og samlingar. Vi ser at vi likevel ikkje klarer å nå alle, og at vakanse og

skifte i stillingar i trusopplæringa trugar kvaliteten på arbeidet i stor grad (kursa er frivillige å ta del i, og kunnskapen i einingane blir ikkje gitt vidare i tilstrekkeleg grad ved endringar i personell). Mange av planane leverte i 2015 var difor av dårlegare kvalitet enn ønskjeleg, med mykje meir oppfølging i ettertid enn ved innleveringa i 2014. Mengda av planar har sjølvstakt også noko å seie. I 2015 var det 60 planar som skulle følgjast opp. I 2014 var det fire.

Ein annan risikofaktor er for dårleg informasjonsstrategi. Vi satsa mykje på kompetanseheving kring dette i 2014, med til saman 120 deltakarar på kurs i Førde og Bergen. I 2015 tok vi dette vidare med å gi tilbodet til Nordfjord prosti - eit prosti som var mellom dei første



som fekk godkjende planar. Tanken var at dersom tiltaka er gode, men informasjonen dårleg - kjem ikkje folk; då må einingane få betre kunnskap i marknadsføring og presentasjon av tiltaka. Dersom tiltaka ikkje er så gode, kjem truleg heller ikkje folk; dersom ein går gjennom tiltaka med sikte på å marknadsføre dei, vil det truleg ha ein «oppstramande» effekt på tiltaket. Tiltaket vert (truleg) betre ved at ein arbeider med informasjonsbiten. Den ønskte effekten av samlingane var altså å få fleire til å komme på tiltaka som allereie finst, og å fornye/vitalisere tiltak som ikkje var så gode slik at dei blei betre og nådde fleire. Resultatet blir då ein revisjon av planen og auka oppmøteprosent. Opplegget var på hausten 2015, og resultatane vil ikkje vise seg før i 2016.

4.2 Likestilling

Bjergvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

Tabell 1: Likestillingsrapportering – Presteskapet. Tal pr. 31.12.2015

	Kjønnsbalanse			Løn	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt frávær	
	M%	K%	Stillingar	Kvinner i %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	78,7	21,3	170,45	94,8	100	-	0	100	69	31	74,2	25,8
Prostar	100	0	10	0	-	-	-	-	-	-	-	-
Sokneprest	79,7	20,3	98,5	99,7	100	-	-	-	100	0	-	-
Kapellan	75,6	24,4	20,45	98,6	100	-	0	100	41	59	-	-
Andre	72,0	28,0	37,5	92,2	100	-	-	-	-	-	-	-

Når det gjeld rapportering på løn, viser skjemaet kvinner si gjennomsnittsløn i prosent av menn si løn. Totalen på kvinner ligg 5,2 prosent under gjennomsnittet. Dette kan forklarast med at alle dei 10 prostane i bispedømet er menn. Vi er nøgde med at sokneprestar og kapellanar ligg likt, og dette viser at målet om utjamning er nådd.

Når det gjeld prestar i kategorien *Andre* kan avviket på 7,8 prosent forklarast med at dei mannlege tilsette har høg ansiennitet, og at vi har ein del unge nyutdanna kvinner i desse stillingane. I skjemaet er det fleire rubrikkar på 100 prosent under *deltid* og *midlertidig*. Det høge talet kjem av at det er mindre enn to – tre tilsette innanfor desse kategoriane.

Tabell 2: Kvinner i faste prestestillingar 2015

Faste prestestill. *	Årsverk	Kvinner	Kvinneandel %	Endring frå 2014
Bjergvin	160,45	35,5	22,7 %	3,8 %

* Prostar ikkje medrekna, sjå eige avsnitt

Statistikken viser at det er tilsett 22,7 prosent kvinner i faste prestestillingar i Bjergvin bispedøme. Det er gledeleg med ein auke på 3,8 prosent frå 2014. Prosenten er framleis låg samanlikna med andre bispedøme, landsgjennomsnittet er om lag 30 prosent.

I prosti med låg kvinneandel vert kvinner oppmoda om å søkje, og ein arbeider med å leggje arbeidstilhøva betre til rette for kvinner.

Tabell 3: Kvinnedel – søknadar og tilsettingar 2015

Tal søknadar	Av dette frå kvinner	Kvinnedel	Tal tilsettingar	Kvinner tilsett	Kvinnedel
69	18	35,3 %	14	3	21,4 %

21,4 prosent av dei som vart tilsette i 2015, var kvinner. Bjergvin bispedøme arbeider vidare med å styrkje tiltak og ressursar for å sikre ein raskare auke i talet på kvinner i prestestillingar. Dette har òg vore eit tema i kontaktmøte med fagforeiningane.

Prostar: Det har ikkje vore rekruttert nye prostar dei tre siste åra. Dermed ligg andelen av menn i leiarstillingar i presteskapet på 100 prosent også for 2015. Seks av ti prostar oppnår aldersgrense eller alder for AFP-pensjon i løpet av dei neste fire åra. Bispedømet vil arbeide målretta for å rekruttere kvinner til desse stillingane.

Tabell 4: Likestillingsrapportering - Bispedømekontoret

	Kjønnsbalanse			Løn*	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
	M%	K%	Totalt	Kvinner i %	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt	50	50	18	82,8	-	5	-	11				
Leiarar	75	25	4	78,2	-	-	-	-				
Rådgjevarar	50	50	12	99,3	-	-	-	-				
Kontorstillingar	0	100	2	100	-	50	-	100				

* Kvinner si gjennomsnittslønn i prosent av menn si løn.

Rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne er særskilt nemnt i HMT-handlingsplanen. Det har ikkje blitt rekruttert arbeidstakarar med annan etnisitet i 2015.

Når det gjeld områda religion og seksuell orientering har vi ein tilsettingspolitikk som er innanfor det regelverket som gjeld for trussamfunn.

Skjema viser kvinner si gjennomsnittsløn i prosent av menn si løn, og dei får 82,3 prosent av mennene si gjennomsnittsløn. Dette kan forklarast med at både biskop og stiftsdirektør er menn og to av to i vikariat/midlertidige kontorstillinger er kvinner. På rådgjevarstillingar og andre leiarstillingar er det 99,3 prosent eller høgare. Dette viser at stillingar som kan samanliknast er jamstelte vedkomande løn versus kjønn.

4.3. HMT/Arbeidsmiljø

Hovudmål: Løyvingane til prestenesta har som mål at alle kyrkje-lydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

4.3.1 Geistleg personale

Indikator 1:

Kyrkjemedlemer pr. fast prestestilling.

Sjå figur 1.

Indikator 2:

Talet på prestar

Vi har i 2015 176 tilsette fordelt på 171,7 årsverk. Som ein kan sjå av fremstillinga på kartet til høgre er det til dels store skildnader på antal medlemer pr prest. Noko av ulikskapen skuldast til dels store utfordringar med lange avstandar,

noko ein ser særskilt i Sogn&Fjordane og Hardanger. Ein ser likevel at presset på prestane spesielt i Vesthordland og Fana er stort, og vi arbeider for å betre situasjonen i desse prostia.

Indikator 3:

Talet på nytilsette prestar, ekskl. overgang frå annan prestestilling

Vi har i 2015 tilsett to kvinner og seks menn, i tillegg til dei seks som kom frå anna statleg prestestilling. Av desse var det to som kom direkte frå utdanning.

Indikator 4:

Vakansar i faste prestestillingar

Vi har i 2015 hatt 16 utlysingar, der tre er stillingar som er lyste ut fleire gonger. Ved årsskiftet er det fire stillingar utan fast tilsett prest.

Indikator 5:

Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.

Seks prestar har slutta før fylte 67 år. Samstundes har fem prestar bytta til anna statleg prestestilling. Det er berre to av desse seks som har slutta med avtalefesta pensjon. Seks prestar har slutta grunna oppnådd alderspensjon i 2015.

4.3.2 Arbeidsvilkår

Resultatmål:

Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.

Gjennomsnitt sjukefråver

Samla sjukefråver ligg på 4,89 prosent. Dette er en liten auke frå 2014 (4,02%). Eit sjukefråver under 5 prosent må likevel kunne seiast å vera tilfredsstillande.

Gjennomsnitt fridagar pr. prest som ikkje er tekne ut

Det er i snitt 4,8 fridagar som ikkje er tekne ut. Dei fleste melder at det er etter eige val. Nokre melder at det er etter pålegg frå sokneråd.

Trivselscore i arbeidsmiljøundersøkinga

Vi har låg score på spørsmåla om arbeidsrelaterte helseplager, og om opplevd mobbing/trakassering på arbeidsplassen. Det er gledeleg at vi finn generelt høg score på godt samarbeid med kollegaer, og at personalomsorga frå prosten er god. Det som får dårlegast score er datasytem, både tilgjengeleg utstyr og opplæring. Dette vil vi jobbe vidare med i samarbeid med fellesråda.

Ressursbruk presteskapaet – blick på arbeidsbelastning.

Kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk. Sjå tabell 5

Kyrkjemedlemer pr. faste presteårsverk. Sjå tabell 6


4.3.3 Prestebustadar

Buplikta for prestane vart avvikla pr 1. september 2015. Med det er det slutt på ei ordning som kan seiast å ha vore der sidan Christian V's Norske Lov av 1687. Dei prestane som bur i tenestebustad med buplikt har no ikkje plikt til å bu i bustaden, men rett til å bu der så lenge dei er i noverande stilling. Det vil difor vere stor merksemd kring bustader også i åra som kjem. I 2015 har vi hatt stor merksemd rundt verdifastsetting av bustadene då ein frå 1.september fekk fordelbeskattning av bustad i teneste. Bispedømet har hatt god dialog med Skatt Vest i saka og har etter fire rundar kome fram til eit nivå vi ser på som passande.

Endringa i bupliktordninga har naturleg nok hatt stor merksemd dette året, og kravd mykje av både prestane som bur i bustaden, bustadomboda og bispedømekontoret. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadene. Gjennom systematisk arbeid sidan 2010 har vi no betre kunnskap for å kunne prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Figur 1: Kyrkjemedlemer pr. fast prestestilling

Medlemstal og prestestillingar, fellesråd og prosti pr. 1. januar 2016.



Tabell 5: Kyrkjelege handlingar pr. kyrkjelydsprest - stillingar

	Kyrkjelege handlingar	Preste-årsverk	Handlingar per prest	Endring frå 2014
Bjergvin	13827	157,9	87,6	0,6

Vi har trekt ut biskop, spesialprest, studentprestar og fengselsprestar frå tala som kom frå kyrkjerådet.

Tabell 6: Kyrkjemedlemer pr. kyrkjelydsprest

	Preste-årsverk	Medlemmer i Dnk	Medlemmer per prest	Endring frå 2014
Bjergvin	157,9	486048	3078	20

Konsekvensen av utviklinga er at prestane i snitt får meir arbeid og fleire å forhalda seg til.

Etat for boligforvaltning i Bergen (EFB) eig 38 prestebustadar, ein del av desse med trong for vedlikehald. Det er i 2015 ikkje kjøpt nye bustadar i Bergen. Etter endringa i buplikta har vi i 2015 attendelevert 8 bustadar, og fleire vil verte attendeleverte i 2016.

Det har i år vorte gjort mange mindre oppgraderingar på fleire bustader. Mange av bustadane våre har fått god standard. Vi er samde med EFB om først og fremst å rehabilitere dei bustadane vi har, framfor å kjøpe nye. Bergen kommune gjorde vedtak om ikkje å selje prestebustadane til prestane som bur der. Administrasjonen klaga på dette vedtaket, og etter å ha vore i møte med byrådet har kommunen no snudd i saka, slik at prestane får tilbod om å kjøpa bustadane til takst. Det er vi takksame for.

Opplysningsvesenets Fond (OVF) eig 55 bustadar i Bjergvin. Mange av desse er store og tunge å halde ved like. Det er i år brukt mykje pengar på oppgraderingar, og prestane si HMT-undersøking viser at bustadane har blitt noko betre. Grunnleggjande byggtkniske utbeitingar vert framleis prioriterte, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. I tillegg vert mykje røyr og elektriske installasjonar skifta ut.

Ei stor utfordring har i 2015 vore at prestegardsinspektøren slutta i stillinga si, og det har teke lang tid å få på plass ny. Dette gjer at ein del prosjekt og vedlikehald har teke betydeleg lengre tid enn vi ynskjer. OVF har no fått på plass nye rammeavtalar og tilsett ny inspektør, vi håpar at framdrifta i 2016 vil bli mykje betre. Nokre av prestane i OVF sine bustader er og i dialog med fondet for å få kjøpe bustaden dei bur i.

Rådgjevaren på bispedømekontoret har i 2015 vore på 44 synfaringar, dei fleste saman med Presteforeininga sitt bustadombod. I nokre bustadar har det vore synfaring fleire gonger. Vi vil halde fram med synfaringane i 2016.

Synfaringar i høve presteskifte og

akutte skadar vil halde fram som tildelgare, i tillegg til at ein ynskjer å følgja ein meir strukturert plan for å sjå alle bustadane jamleg og med tanke på å få ny prestegardsinspektør i OVF godt inn i arbeidet.

Nokre stader har prestane allereie fått kjøpe bustaden dei bur i, medan andre er i dialog med huseigar, det vere seg kommunane eller OVF om kjøp.

Det vert òg spanande å sjå kva endringa i bustadordninga vil gjere med prestetenesta og rekruttering til presteneste i tida som kjem.

4.3.4 Lokale tilhøve og utfordringar

Det er prestar med eit spesialisert ansvarsområde i seks prosti, til saman 12,9 årsverk. Av desse er det 2 studentprestar, 7,5 med spesialfelt born og ungdom, samt 3,4 stillingar som fengselsprestar.

Bispedømet har eit samarbeid med Kirkelig dialogsenter i Bergen (Areopagos) om ei stilling som dialogprest. I tillegg har vi eit samarbeid med Bergen Internasjonale Menighet (BIM) om engelsktalende prest i Løvstakksiden sokn.

4.3.5 Kompetanseutvikling

Resultatmål:

Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.

Alle prestane i bispedømet har fått tilbod om etter- og vidareutdannings (EVU)-midlar. Det er satsa på luthersk teologi i 2015 og 2016, fram mot Reformasjonsjubileet i 2017. 158 prestar er meldt på og har hatt minst 15 timar undervisning/vidareutdanning. Av desse har 55 meldt

seg til å ta 10 studiepoeng. I tillegg kjem nokre individuelle studier:

- Tre prestar har fullført PKU (Pastoralklinisk utdanning) 11 samanhengande veker, 20 studiepoeng
- Ein prest har fullført 5 dagar studie innan fagfeltet retreat.
- Ein prest har fullført studie «Mellom alter og orgel»: Liturgisk vidareutdanning for prestar og kirkemusikere (10 stp)
- Ein prest har begynt på svensk/norsk vidareutdanning i sjelesorg ved Modum, Institutt for sjelesorg.
- Stiftsdirektør følger eit studium (30 studiepoeng) i BI sitt Master of Management program på endringsleing.

4.3.6 Retreatarbeid

Bjergvin bispedøme har i 2015 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen.

Omlag ein kveld i månaden er det kveldsretreat i Søsterhjemmet sine lokal på Haraldsplass. 10 – 20 deltakarar har deltatt kvar kveld.

I fastetida 2015 vart det arrangert fasteretreat, og i adventstida adventsretreat.

Fleire prestar har i 2015 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstadar både i inn og utland.

Bispedømet har og i 2015 gitt tilbod om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet.

Det har i 2015 vore arrangert to fagdagar for dei åndelege rettleiarane. Rettleiarane har og tilbod om sjølve å gå åndeleg rettleiing og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.



Sokneprest i Kinsarvik og Eidfjord, Bjørn Tore Sæle med ein ny messehaket til Kinsarvik kyrkje. På biletet ser vi også (f.v.) Hilde Eikemo Eide (som har montert saman med Halldis Bakke), Silje Fortun Solvi (broderi), Marta Kløve Juuhl (veving) og Johild Mælan (utforming og prosjektansvarleg). Foto: Aasmund Aarvik

4.3.7 Arbeidsretteiing (ABV)

I Bjørgvin har det i 2015 vore 9 ABV-grupper med til saman 49 deltakarar. 45 av deltakarane har vore prestar og 4 diakonar.

- fire av gruppene har vore tverrfaglege grupper
- to av gruppene har vore proste-grupper kor alle prostane har hatt regelmessig kollegarettleiing
- to av gruppene har vore ABV-grupper for rettleiarane

- ei gruppe har vore rettleiinga-gruppe for fengselsprestane

Til stiftsmøtet 24.-25.august 2015 hadde biskopen skrive brev om ABV som låg i permene som vart delt ut til alle deltakarane. Der vart det òg orientert om nye grupper som skulle starta opp, og på slutten av året var fire nye grupper klare. To seniorgrupper med deltakarar over 60 år og to nye tverrfaglege grupper. Fyrste samlingane ville gruppene ha på nyåret 2016.

I tillegg til gruppevegleiing har fleire

prestar hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid.

Vi har halde fram ordninga med mentor for dei som er nye i tenesta. Då har ein jamnlege samtalar med ein røynd kollega om spørsmål og utfordringar ein møter i tenesta. I 2015 har over 20 prestar hatt mentor. Ordningar med mentor kjem i tillegg til arbeidsretteiing, og er tenkt som eit tilbod ein får før ein blir deltakar i ei ABV-gruppe.

10.-11. september 2015 var ABV-rettleiarane samla til fagdagar. Tema på dagane var: «Der fremtiden blir til».

Tore Kristian Lang var ansvarleg for det faglege innhaldet, og dagane var ei vida-reføring av tidlegare fagdagar.

Rettleiingsarbeidet har vore i ei omleggingsfase i 2015. M.a. er alle ABV gruppene no opne og kontinuerlige, og ikkje som før faste og avgrensa i tid. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte – ein kan vere med eitt år eller fleire år.

4.3.8 Leiing og samvirke

Hovudmål:

Bispedømerådet skal stimulere til auka samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.

Styringsparameter:

Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.

Vi har halde fram ordninga med mentor for dei som er nye i tenesta. Då har ein jamnlege samtalar med ein røynd kollega om spørsmål og utfordringar ein møter i tenesta.

4.3.9 Medverknad (medbestemmelse etter arbeidsmiljøloven)

Delen av prestar som har hatt medarbeidersamtale

Prostane har medarbeidersamtalar med alle prestane kvart år. Biskopen har medarbeidersamtale med alle prostane. Same dagen har prostane eigne møte med administrasjonen (personal og kyrkjefag).

Kontaktmøte i prostia

Alle prostane har minst eitt kontaktmøte med lokallaga kvart år, dei fleste har tre – fire møte. Det har vore fire kontaktmøte regionalt. I november 2015 var prostar, tillitsvalde, verneombod frå alle prostia samla til departementets kurs i medråderett.

Tverrfaglege konvent

Det har vore tverrfaglege konvent/samlingar i alle prostia. HMT og det psyko-

Tabell 7: Forvaltning av kyrkjer

	2014	2015
Ombygging av kyrkjer – av desse var 5 knytt til universell utforming.	13	11
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	7	7
Godkjenning av orgel/flygel	7	5
Kyrkjetekstil (Etter at Kyrkjemøtet i 2013 vedtok at vigsla diakon i liturgisk teneste kan bere skråstola har fire diakonar i Bjørgvin skaffa dette i 2014)	19	21
Rehabilitering og endringar i interiøret (inkludert universell utforming)	13	17
Kunstnarleg utsmykking (inkludert tre ikon)	11	4
Inventar (inkludert liturgisk utstyr)	7	6
Benker/stolar (inkludert benkeputer)	17	6
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	10	8
Brann- og sikringstiltak	3	1
Andre saker	12	7

Tabell 8: Forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov

	2014	2015
Medlemsskap (29 saker, 98 personar)	5	29
Løyve til sokn om å få ta opp lån	3	6
Omregulering/ending av kyrkjegardar	11	5
Gravplassvedtekter	4	4
Fråsegn til kommunale planar	15	23
Fråsegn fylkeskommunal plan	1	-
Klagesaker, ei fekk medhald	10	8
Godkjenning av ferdigstilt gravplass	4	-

sosiale arbeidsmiljøet har vore tema, det same har til dømes «Trusopplæring for vaksne», diakoni og misjon. Det har i tillegg vore fleire fagsamlingar i samarbeid med representantar frå *Kirkelig ressursenter mot vold og seksuelle overgrep*.

4.4 Miljøarbeid

Bjørgvin bispedømekontor er miljøfyr-tårnverksemd. Den viktigaste endringa som har verknad på vårt «klimaavtrykk» er truleg innføringa av videokonferanseutstyr på bispedømekontora og i kyrkjerådet. Det reduserer reiseverk-

senda vår ein del, og kan medverka til endå større reduksjon i dei komande åra.

4.5 Kyrkje- og gravplassforvaltning

I 2015 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer: Sjå tabell 7.

I 2015 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov. Sjå tabell 8. ●

V: Vurdering av framtidsutsikter

Endringar og mål fram mot 2020

Dei neste åra vil bli prega av prosessane i kyrkja rundt eit tydleg skilje stat - kyrkje og ny kyrkjeordning.

I både 2016 og 2017 vil dette ta kapasitet frå deler av bispedømeadministrasjonen. For åra 2015 og 2016 har vi medvite tatt ned noko aktivitet. Dels fordi delar av organisasjonen vil vere prega av førebuing på ulike strukturelle endringar. Dels fordi vi opplever ein reformtrøttleik i råd og blant lokalt tilsette. Det er samstundes viktig å ha blikket løfta ut over dei indrekyrkjelege prosessane.

Reformasjon til inspirasjon

Vi har difor satsa på to prosjekt som skal bygge opp rundt det å bli å bli ei meir sjølvstendig kyrkje i 2017. Det eine går på kompetanse og refleksjon, med studie i reformasjonsteologi. Det andre håper vi skal gje fokus og inspirasjon, med fest og ulike seminar rundt Reformasjonsbyen Bergen i år 2017.

Gjev nye ordningar ei betre presteteneste?

Det er med ei viss uro vi ser fram mot 2017 og 2020. På ei side handlar dette om økonomi, der vi i ein allereie svært pressa situasjon har fått nye ordningar som i sum gjev nokre kritiske utfordringar. Mellom anna betyr det at vi må starte nye prosessar for å redusere talet på prestestillingar. Vi må òg sjå på ny på nokre strukturelle utfordringar rundt beredskapsområde og prostistruktur. Vi vil likevel mest ha fokus på dei nye ordningane rundt prestetenesta. Både kompensasjonen rundt oppheving av buplikt, lønnsramme 45 og ny arbeidstidsavtale er i seg sjølv gode ordningar. Ein ulempe er at dei kostar mykje pengar for bispedømet som berre delvis vert kompenserte. Vi vil likevel mest stille spørsmålet om dei auka


økonomiske kompensasjonane skapar høgare motivasjon og betre presteteneste? Er det samsvar mellom verke-middel og resultat? Det er skapt høge forventningar i presteskapet, med ei viss usemje mellom dei sentrale partane om korleis ein skal forstå avtalane. Når dei økonomiske rammene ikkje er tilstrekkeleg romslege, vil det til sist gå ut over bispedømeråda som arbeidsgjevar, fordi vi ikkje kan innfri dei forventningane som finst ute blant pres-tane. Dette kan slå kritisk ut på trivsel og motivasjon, trass i at det eigentleg er stor grunn til å vere nøgd. Det er likevel slik at vurdering av om ein er nøgd eller ikkje, er eit resultat av at ein vurderer oppleving opp mot forventning. I overgangen til 2017 og ikkje minst inn mot 2020 er det viktig å nettopp halde oppe motivasjonen i presteskapet. Til dømes er innføring av arbeidstid ei stor kulturendring i seg sjølv.

Når arbeidsgjevar får lite handlingsrom til å innføre dette på ein god måte, blir det kritisk. Særleg kritisk er det at talet på årsverk til presteteneste blir re-

duisert, ut frå ulike element i avtalen. Dette ramar kyrkjelydane og tenestetilbodet. I første runde ikkje gudstener eller kyrkjelege handlingar, men ved at presten har mindre høve til å vere til stades i anna samfunns- og kyrkjelydsbyggjande arbeid. Det blir sett ned eit partsamansett utval som skal sjå på desse utfordringane, med mål om både kortsiktige og langsiktige tiltak.

På den andre sida er det krevjande med prosessane rundt framtidig kyrkjeordning. Det er vesentleg å oppretthalde best mogleg samspel mellom alle nivå i kyrkja. Medan vi ventar på avklaringar, er det ulike utfordringar rundt dette. Vårt innsteg er at bispedømerådet må ta sin del av eit stort ansvar. Vi må ha høgt medvit om korleis vi opptrer og agerer og ha stor toleranse for at nokre prosessar i denne tida er meir kompliserte enn dei bør vere. Samstundes vil pressa økonomi medføre at vi må gjere grep som ikkje er populære, med risiko for bispedømet sitt omdømme.

Prestetenesta skal fungera godt i ei tid med mykje omstilling. Foto, Breim kyrkje: Ingrid Aske





Byogland

Bjørgvin bispedøme har utfordringar som er ulike frå prosti til prosti. I dagens struktur, og i ein framtidig struktur, er det stor forskjell på by og land. Det er ein asymmetri i strukturen som ein må arbeide med å kome til rette med. Det er til dømes 58 fellesråd i Bjørgvin, men Bergen er å likne med eit bispedøme i storleik. Vi har sokn med rundt tjue tusen medlemmer og sokn/fellessråd med rundt fire hundre medlemmer. Modellar som kan fungera i dei

store og mellomstore einingane, blir dysfunksjonelle i dei minste einingane. Men òg motsett, ressursane i dei større sokna blir ikkje tilstrekkeleg samordna. Dette utfordrar oss, når målet er eit best mogleg tenestetilbod. Utfordringane går både på leing, kompetanse og ressursar.

Frå bispedømet si side er det utfordrande å møte dette på ein best mogleg måte. Tiltak med sokna som målgruppe ut frå §14 i kyrkjelova, kan bli taparen, om alle spørsmål skal vurderast på arbeidsgjevarspørsmålet.

Medan vi ventar på ei mogleg ny kyrkjeordning

Bjørgvin bispedømeråd vil i perioden som kjem måtte arbeide med desse spørsmåla, samstundes som ein må arbeide ut frå dei rammer og ordningar som er gjeldande. Kyrkjemøta i åra som kjem skal handsame ny kyrkjeordning. Bispedømerådet skal saman med dei 181 sokneråda og 58 fellesråda i bispedømet arbeide med desse spørsmåla. Betre kunnskap og kompetanse om prosessane vil vere til det gode for alle.



Biskop Halvor Nordhaug planta eit «Luthertre» ved Mariakirken 21. juni i samband med 500-årsmarkeringa for reformasjonen som blir feira i 2017. Foto: Jens Z. Meyer

tiv bruk av nokre stillingar som prostiprest, kan vere eit seniortiltak på ei side, og opne stillingar på den andre sida. I pressområda har vi oppretta kortsiktige prosjektstillingar med spissa kompetanse mot ungdom og rekruttering. Vi har òg oppretta nokre stillingar som prostiprest, der stillinga skal støtte opp under dei som arbeider med ungdom spesielt. Det er samstundes kritisk viktig i Bjørgvin, grunna alderssamansettinga i presteskapet, at vi får rekruttert inn fleire unge prestar, og at vi får rekruttert tilbake prestar i aldersgruppa førti pluss, som no er i andre typar stillingar.

Det blir ofte peika på at det er viktig at prestar står til dei er 70, dette vil vi meine er berre delvis riktig. Det er vesentleg at presten er i stand til å møte dei utfordringane stillinga ein innehar krev. Det kan difor i nokre tilfelle vere at presten i større grad skulle vurdere å gå over i andre prestestillingar som er tilpassa det modus ein sjølv er i. Dette er samansett og vanskeleg å seie noko generelt om, men slitne prestar er ikkje eit godt rekrutteringskort. Dette handlar ikkje berre om alder, men er ulikt frå person til person. Det er grunn til å sjå noko på tankesettet rundt karriereløpet for prestane, til dømes knytt til moglege retrettstillingar, særleg i frå krevjande stillingar i store sokn eller leiarstillingar. Igjen er dette individuelt, men vi ynskjer å normalisere ulike løp i siste fase av prestenesta. Handlingsrommet er samstundes lite med omsyn til økonomi til slike tiltak. Tidsavgrensa tiltak kan likevel forsvarast, fordi ein ikkje bind opp budsjetta ut over det ein har tryggleik for.

Andre viktige område vi vil prioritere i perioden vil vere auka fokus på inntektsgeivande tiltak og auka fokus på oppfølging av frivillige.

Utfordringane med omsyn til å møte immigrasjons- og flyktningsstraumen til landet vårt må også nemnast. Kyrkjelydane vil vere viktige aktørar i dette samfunnsoppdraget som utfordrar oss alle til solidaritet i tida framover. ●

Å vidareutvikle ulike arenaer for samhandling vil ha fokus.

Det vil vere viktig for bispedømet å framleis vere ein god og kompetent arbeidsgjevar for prestane og andre tilsette. Dette handlar om kontinuerleg arbeid med tilsettingar, HMT og kompetanseutvikling. Det handlar og om grep, som i nokre tilfelle er naudsynte løysingar på akutte utfordringar, i andre tilfelle smarte løysingar som snur eit problem til løysinga på noko anna. Dette arbeidet tar mykje ressursar og tid, men kan naturleg nok ikkje få stort rom i ei årsmel-

ding, då det er knytt til einskildpersonar og må handsamast deretter.

Vi vil likevel peike på nokre generelle utfordringar og tiltak knytt til personalområdet.

Rekruttering og livsfasetiltak

I Bjørgvin arbeider vi langs fleire vegar samstundes når det gjeld rekruttering. Til dømes er bruk av sommarvikarar både eit HMT-tiltak for dei som er fast tilsette og eit tiltak for å få unge søkjarar nysgjerrige på Bjørgvin bispedøme. Ak-

VI: Årsrekneskapen

6.1 Leiingskommentarar

Føremål

Bjergvin bispedømeråd er underlagt kyrkjeavdelinga i Kulturdepartementet (KUD). Bispedømet er eit statleg forvaltningsorgan og fører rekneskap etter kontantprinsippet. Bispedømet si rolle er personalforvaltning for 167 prester, samt rådgjeving for Bjergvin biskop og Bjergvin bispedømeråd. Tildelinga til den norske kyrkja er heimla i Grunnlova §16.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav til Bjergvin bispedøme både på sentralt nivå og på lokalt nivå. Stiftsdirektøren meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilete av tildelinga til Bjergvin bispedømeråd, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignerlutar og gjeld.

Rekneskapsprinsipp

Bjergvin bispedøme starta år 2015 med å føra rekneskap etter SRS – statens regnskapsstandarder. Overgang frå kontantprinsippet til SRS var fastsatt av departementet etter ein høringsrunde blant bispedømeråda. Føremålet med endring av rekneskapsprinsipp var å oppnå læring i organisasjonen med tanke på at vi frå 01.01.17 ville få overgang til NRS – Norsk regnskapsstandard. Ulike tilhøve – deriblant organisasjonsendringar hjå DFØ (Direktoratet for økonomistyring i staten) – førte til at ein i lys av ei kost – nytte – vurdering valde å terminere rekneskap etter SRS. KUD kommuniserte termineringa av periodisert rekneskap (SRS) i brev av 30.06.15. Innan utgangen av august hadde DFØ reversert rekneskapen. Arbeidet med SRS medførte meirarbeid og dårlegare økonomistyring i løpet av året.

Vurdering av vesentlege tilhøve

I 2015 har Bjergvin bispedøme hatt til disposisjon for drift, post 01, netto kr 138.294.000, jfr bevilgningsrapporteringa og note A. Omsyn tatt til driftsinntekter (kr 2.682.366) har vi ei meirutgift på post 01- drift på kr 71.463, jfr note B. Frå rekneskapsåret 2015 er innbetalte standardrefusjonar (foreldre- og sjukepengerefusjonar) bokført som utgiftsreduksjon på tilhøyrande driftspost i statsrekneskapen. Standardrefusjonar utgjør kr 4.190.672. Frå 2014 fekk vi med oss eit mindreforbruk på kr 4.573.000, jfr note A. Som rekneskapen viser vart akkumulert mindreforbruk nytta i 2015, og vi har ingenting å søkja overført til 2016.

Produktivitetsskravet for samtlege statlege verksemdar var i 2015 på 0,6 prosent. Endra frå 0,5 til 0,6 i budsjettforlik desember 2014.

Frå 1.september 2015 vart buplikta til prestane oppheva. Dette fekk også økonomiske konsekvensar. Departementet gav kompensasjon for auka lønsutgifter, men det vart ikkje gjeve kompensasjon for arbeidsgjevaravgifta på lønsauken frå 01.09.15, arbeidsgjevaravgifta på fordel av bustad, kompensasjon for flytting og arbeidsgjevaravgift på denne. For Bjergvin vart ukompensert beløp stipulert til kr 700.000.

I 2015 vart det merkbart meir aktivitet rundt skilje stat – kyrkje. Bjergvin bispedøme bidrar aktivt i prosessar på nasjonalt nivå, både kva gjeld medråderett, val av nytt fagsystem og samhandling om regelverk og rutinar. I 2015 fekk vi kompensert for frikjøp av hovudtillitssvald for YS/Parat, og for å inneha leiarvervet i personalutval for bispedømeråda. Det har gitt rom for tidsavgrensa styrking av administrasjonen.

Frå 2015 vart alt av tilskot samla på ein post – post 75. For post 75 er det mogeleg å overføra inntil 5 prosent av tildelinga, dermed var no tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk omfatta av same ordning som tilskot til trusopp-

læring. I Bjergvin yter staten tilskot til 16 diakonstillingar og 17 kateketstillingar. Tildelinga var kr 15.022.000. Grunna vakanse i stillingar vart det eit mindreforbruk på kr 217.000 på tilskotet som gjeld diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Trusoppføring fekk ei tildelt rame på kr 40.248.000. Her vart det også eit mindreforbruk, kr 500.000. Totalt mindreforbruk kr 717.000 er søkt overført til år 2016. 2015 var første året med heilårsverknad for tilskot til trusoppføring for alla sokna i bispedømet.

Bjergvin bispedøme har misjonsrådgjevar i 50 prosent stilling. Stillinga er finansiert ved hjelp av tilskot frå Opplysningsvesenets fond (OVF), og 7 misjonsorganisasjonar (ulik andel i samsvar med vedteke fordelingsnøkkel).

Artskontorapporteringa viser at løn og sosiale ugifter er på kr 124.344.606, mot kr 116.896.700 i 2014. Auken er i samsvar med lønsveksten i 2015. I gjennomsnitt fekk kvar prest ca kr 50.000 i lønsauke i samband med opphør av buplikta frå 01.09.15. Lønsandel av driftsutgifter er 87,9 prosent, mot 89,4 prosent i 2014. Ein reduksjon i lønsandel av driftsutgifter har samanheng med vår satsing på etterutdanning i reformasjonsteologi. Dette er ei eingongshending og vert finansiert av opparbeida mindreforbruk. På landsplan er gjennomsnittleg lønsandel 87 prosent, same som i 2014. Lønskostnaden pr årsverk (samla, både prestetenesta og administrasjonen) er i Bjergvin kr 674.763, mot kr 666.910 i 2014. Gjennomsnitt for landsplan er kr 689.872, mot kr 670.681 i 2014.

Reiser og diett er ei anna utgiftsgruppe vi finn det interessant å følgja med på utviklinga av. Dette fordi prestane frå 01.01.16 får nytt reiseregulativ som ein konsekvens av opphør av buplikt. Ser vi isolert på reiser og diett for prestetenesta, har Bjergvin ei utgift på kr 29.335 pr årsverk.

Mellomverande med statskassa utgjorde pr 31.12.15 kr 5.687.017. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser

kva eignelutar og gjeld mellomverande består av.

Tilleggsopplysningar

I årsrapport 2014 hadde vi ein omtale av utviklinga av EHF-faktura. 2015 var ikkje eit år med tilsvarende auke i andelen EHF-faktura, vi trur her ligg potensiale for meir effektiv ressursbruk. Andelen EHF-faktura var i 2015 på 19,2 prosent, ein auke på 2,75 prosent frå 2014.

Tidstjuvar

Departementet spør etter tiltak som gjev effekt for sluttbrukarar utanfor staten. Eit sentralt tema for bispedømet er rapportering, og det er då særleg fellesråda vi rettar oss mot. I den samanheng har vi forsøkt å ha kritisk vurdering av vesentlegheit. Vi nemner to konkrete tilfelle der det er gjennomført:

- a) Evaluering av gjennomføringa av kyrkjevalet – vi bad om ei kort evaluering.
- b) Kulturområdet; reduserte med to spørsmål i rapporten

Riksrevisjonen

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for Bjørgvin bispedøme. I Riksrevisjonens beretning for 2014, datert 08.06.15, framkom det ingen merknader. ●

Bergen, 1. mars 2016

Inger Helene Nordeide
bispedømerådleiar

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Notar

6.2 Prinsippnote

Årsrekneskapen for Bjørgvin bispedøme er utarbeidd og avlagt etter nærare retningsliner fastsette i regelverk om økonomistyring i staten («Bestemmelsene»), fastsett 12. desember 2003, med endringar, seinast 18. desember 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, samt nærare bestemmelser i R-115 frå Finansdepartementet. Utover desse krava er det ikkje fastsett noko frå eige departement.

Oppstillinga av løvingsrapporteringa («Bevilgningsrapporteringa») omfattar ein øvre del med løvingsrapportering og ein nedre del som viser at verksemda ikkje står oppført med saldo i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassa. Oppstillinga av løvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemdene er knytt til statens konsernkontoordning i Norges bank i samsvar med krav i bestemmelsene punkt 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemdar) vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgang til

nytt år vert den einskilde oppgjørskonto nullstilt.

6.3 Bevilgningsrapportering

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstala som Bjørgvin bispedøme har rapportert til statsrekneskapen. Dei blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som Bjørgvin bispedømeråd har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eignelutar og forpliktelsar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/ post.

6.4 Note A og B

Sjå vedlegg.

6.5 Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa viser rekneskapstala Bjørgvin bispedømeråd har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har fullmakt til å belaste konsernkonto i Norges bank for tildelingane. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og vises difor ikkje som inntekt i oppstillinga.

6.6 Note 1-8

Note 8 til artskontorapporteringa viser forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.

Vedlegg

- Utdrag av årsplan med tiltaksrapport
- Gjennomført program for biskopen 2015
- Etatstatistikkskjema
- Rekneskap med notar ●

Årsrapport 2015

 BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDOMERÅD

Saman vil vi ære Den treeinige Gud
ved å forkynne Kristus, byggje
kyrkjelydar og fremje rettferd